# Årsmelding
## 2004–2005




Noregs Mållag
1906

Omslag og utforming: Erik Bolstad

## På framsida

Bandet «Side Brok» hadde gatekonsert i samband med landsmøtet i Ålesund 2004. Mållaget hadde appellar og konsert som ein start på sidemålsaksjonane den våren.
Foto: Hege Lothe

# Innhald


Føreord 4
Leiar 5

## Målpolitiske arbeidsfelt

**Nynorsk oppvekst** **7**
- Grunnskule 7
- Skulemålsrøystingar 2004 7
- Sidemålet 8
- Nye læreplanar i norsk 11
- Nynorsk kompetansesenter 12
- Haustseminar 12
- Læremiddel 12

**Informasjonsteknologi og media** **13**
- Informasjonsteknologi 13
- Presse 13
- NRK og TV 2 13
- Internett 13
- Høyring digitale læringsressursar 14

**Næringsliv** **14**

**Kulturpolitikk** **14**
- *Brennbart* 14
- Bokbransjeavtalen 14
- Prisar frå Noregs Mållag 14
- Norsk musikk 15

**Offentleg målpolitikk og målbruk** **15**
- Nynorsk i helseføretaka 15
- Posten 15
- Universitetet i Oslo 16
- Bergen kommune 16
- Agder bispedøme 16
- Språkrådet 16
- Stortingsvalet 16

**Talemål og skriftmål** **17**
- Normering 17
- Stadnamn 18
- Dialektar 18

**Internasjonalt arbeid** **18**

## Samskipnaden

**Lag og medlemer** **19**
- Vervearbeidet 19
- Lokallag og fylkeslag 20
- Studiearbeid og leiartrening 20
- Aksjonsdagar 20
- Landsmøtet 2004 20
- Regionaliseringsutval 20

**Evaluering av organisasjonssatsinga** **21**

**NMU-saka** **24**

**Informasjons- og mediearbeid** **25**
- Pressearbeid 25
- Mediekurs 25
- *Nytt om nynorsk* 25
- Materiellproduksjon 25
- Pressearbeid knytt til landsmøtet 25
- Målkontor i Gloppen 26
- Presseklypp 26
- Pressemeldingar 26
- Lesarbrev 26
- *Norsk Tidend* 27
- Heimesidene til Noreg Mållag 27

## Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer 28
Styret og arbeidsutvalet 28
Landsrådet 28
Valnemnda 28
Skrivarstova 29
Nemnder og utval 29
Reiseverksemda 31

## Økonomi

Rekneskap 34
Balanse 37
Inga og Gjøa Lutros legat 38
Kulturlotteriet 38
Revisormeldingar 38

## Norsk Målungdom

Melding frå arbeidsåret 40
Medlemstal og lokallag 55

## Nærskylde tiltak

Norsk Barneblad 41
Norske Lagsbruk 41
Nynorsk mediesenter 41
*Dag og Tid* 41
Folkekulturforbundet 41
Stiftinga Magasinett 42
Stiftinga Pirion 42
Det Norske Samlaget 42
Landsamanslutninga av nynorskkommunar 43
Kringkastingsringen 43
Det Norske Teatret 43
Noregs Ungdomslag 43
Stiftinga Nynorsk Pressekontor 44
Nynorsk kultursentrum 44

## Vedlegg og statistikk

Nynorsk skulemål 1930-2004 45
Skulemålet i alle fylka 46
Nynorske parallellklassar 47
Skulemålsrøystingar 1990-2005 48
Lag og medlemstal 50
Medlemer i fylkeslaga 1986-2004 56
Lokale utgjevingar 2004-2005 58

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2004/2005 slik paragraf 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 15. mars 2004 til 28. februar 2005. Dei siste vekene fram til landsmøtet blir oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2004. Sjukefråveret har vore 39 dagar, noko som utgjer 2 prosent. Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2004 gjekk med overskot og grunnlaget for drifta i året og åra som kjem, er det beste.

Landsmøtet i 2004 vedtok eit eittårig arbeidsprogram for 2004 – 2005 og årsmeldinga følgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeidet til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som blir utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Årsmeldinga er tilgjengeleg i elektronisk versjon på nettsidene til Noregs Mållag www.nm.no.

Oslo, 6. mars 2005

Endre Brunstad (leiar) Nils Ulvund (nestleiar) Karstein Bjørge
Berit Rekve Anne Steinsvik Nordal Elisabeth Bakke
Gudrun Kløve Juuhl Ragnar Lurås
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



*Styret: Nils Ulvund, Gudrun Kløve Juuhl, Endre Brunstad, Anne Steinsvik Nordal, Ragnar Lurås, Karstein Bjørge og Elisabeth Bakke. Berit Rekve var ikkje til stades.* *Foto: Hege Lothe*

# Leiar



Vi har bak oss nok eit arbeidsår prega av mykje merksemd kring nynorsken.

Nok ein gong er det sidemålet som har stått mest i fokus. Noregs Mållag har vore i frontlina både med forsvar og konstruktive framlegg til forbetringar. Resultata viser at innsats nyttar. Samstundes illustrerer sidemålssaka at vi treng eit endå breiare målpolitisk engasjement. Vi må få fleire med oss for å synleggjere nynorsken på alle område i samfunnslivet, og for å få meir målideologisk ordskifte.

Det mest alvorlege åtaket på sidemålsordninga kom gjennom stortingsmeldinga «Kultur for læring». Alarmen gjekk. Heile målrørsla vart mobilisert til aksjonar, kamp og lobbyarbeid. Og arbeidet førte fram. Stortinget slo fast at sidemålsopplæringa skal førast vidare og styrkjast, og vi fekk eit vurderingsopplegg som burde halde mål, jamvel om det ikkje vart så godt som Mållaget ville ha det.

At Høgre no tek sikte på omkamp om sidemålet, er dumt, men illustrerer samstundes at det ikkje var Høgre som vann i Stortinget.

I Oslo gjekk byrådet, etter mykje strid, inn for forsøk med fritak frå sidemål ved halvparten av dei vidaregåande skulane. For Mållaget var det beint fram utruleg at Utdanningsdirektoratet så gav løyve til eit slikt fritak– stikk i strid med stortingsvedtaket. Men siste ord var ikkje sagt. Det viste seg at alle seriøse fagmiljø, både i Noreg og utlandet, meinte at prosjektet ikkje held mål fagleg, og at det var uråd å fylgje det opp eller evaluere det. No står heile forsøket i stampe. Nynorskfiendane i Oslo kommune og Utdanningsdirektoratet har gått på eit sviande nederlag.

Retten til nynorske parallellklasser/parallellgrupper har vore truga i samband med auka blanding av nynorsk- og bokmålsklassar. Eit gjennomslag kom då Sandnes Mållag gjekk til rettssaka mot Sandnes kommune for å stogge klasseblandinga, og vann saka. Sigeren må no verte retningsgjevande for praksisen ved andre skular i landet.

Ein annan viktig siger gjeld elektroniske læremiddel i form av administrativ programvare. No er det ikkje lenger unntak for å krevje desse læremidla på nynorsk til same tid, pris og stad som bokmålsutgåvene.

Noregs Mållag har arbeidt mest med skulesaker dette arbeidsåret. Det har vore naudsynt på grunn dei mange skulepolitiske slaga. Andre viktige skulepolitiske slag står att, t.d. i spørsmålet om retten til nynorske lærebøker i samband med ny bokbransjeavtale. Men nynorsken må òg visast att utanfor skulestova, og det må attspeglast i prioriteringane Mållaget gjer i tida framover. Media er viktig: Vi har fått nynorsk i Dagsavisen – no må VG og Dagbladet fylgje etter. I tillegg må mållova fylgjast opp betre. Her er det verdt å peike på kor viktig mållovarbeidet var for at nynorsken no har kome inn i Helse Vest. På desse områda er det god grunn til å vere optimist på vegner av nynorsken.

Det målpolitiske ordskiftet rasa i norske aviser etter at Kjartan Fløgstad gav ut stridsskriftet "Brennbart» før jul 2004.

Fløgstads bok viser at målfolk ikkje har grunn til å skamme seg over tradisjonen ein står i. Målrørsla har vore ei viktig drivkraft i demokratiseringa av det norske samfunnet, og som demokratisk oppbygd folkerørsle har målrørsla vore prega av fri meiningsbryting og praktisk politikk. Difor var det logisk at målrørsla - i motsetnad til Riksmålsforbundet - aldri gjekk inn i noko organisert samarbeid med nazistane under andre verdskrigen. I samband med 100-årsmarkeringa for unionsoppløysinga er det verdt å trekkje fram denne folkerørsletradisjonen. Denne tradisjonen kan for somme verke "tungvint» og "umoderne», men har kvalitetar som det er grunn til å byggje vidare på.

Dette arbeidsåret har Noregs Mållag hatt heile tre interne høyringsframlegg: arbeidsprogram, program for regional organisering og internasjonalt program.

Dei mest radikale framlegga til endringar har kome frå regionaliseringsutvalet. Utfallet er uvisst, men det verkar overtydande når utvalet peikar på alvorlege samordningsproblem i organisasjonen. Der har skjedd ei ansvarspulverisering, særleg på det regionale nivået. Desse problema kjem òg fram i samband med evalueringa av organisasjonssatsinga. Målet med eventuelle endringar må vere å utnytte betre det rike potensialet blant medlemene i Noregs Mållag.

Likevel – det som driv folk til å vere målfolk er engasjementet for målet, for saka. Kanskje kan nokon då verte inspirerte av målstriden som går føre seg i utlandet? I framlegget til internasjonalt program heiter det at Noregs Mållag er del av ei internasjonal rørsle som arbeider for språkleg og kulturelt mangfald, og at internasjonalt målarbeid går inn som del av den norske målreisingstanken. Det perspektivet kan vere bra å ha med seg når Noregs Mållag no skal gjere vegval for framtida.




















*Det er laga mykje tilfang for fylkeslaga i 2004. Her er nokre døme frå Hallingdal, Sogn og Fjordane og Rogaland.*

# Målpolitiske arbeidsfelt

## Nynorsk oppvekst

### Barnehage

Sentrallekken har gjennom arbeidsåret fått fleire signal frå stader med uro kring skulemålet som tyder på at det ville vore viktig med eit grundig arbeid alt frå barnehagen av. Det har ikkje vore høve til å prioritere dette arbeidet i året som gjekk, men styret har hatt det oppe fleire gonger og vil planleggje tiltak for aldersgruppa. Mange av lokallaga gjer framleis eit godt arbeid med å tinge kulturavisa Pirion til barnehagane i kommunen sin. Lokallaga står for nær halvparten av tingingane. For organisasjonen er det særleg grunn til å merke seg den flotte songboka med cd som Meland Mållag gav ut hausten 2004; «Syng sjøl».

### Grunnskule

Det har vore seks røystingar i 2004. Det vart tre tap og tre sigrar. To av røystingane vart drivne fram av kommunestyra utan at det låg føre krav om røysting frå dei røysteføre i krinsen (Heskestad og Engjom), medan røystinga i Hol kom skuld samanslåing av skular med ulikt opplæringsmål (Dagali og Skurdalen). Tapa har allstad vore småe, medan sigrane har vore til dels særs store.

Som tidlegare år viser det seg at der det har vore organisert direkte kontakt med dei røysteføre, der har nynorsken vunne. Med unnatak av Stokkastrand skule – der det var foreldre som organiserte røystearbeidet mest heilt uavhengig av mållaget – var lokallag alle andre stadene aktivt med i heile røystearbeidet.

På alle røystingane har det vist seg vanskeleg å finne ein sterk organisert motpart. Dei stadene der foreldra gjer opptak til røysting, legg dei i hovudsak fram rasjonelle argument: Det er stort mistilhøve mellom skulemålet og språket som borna møter utanfor skulen og det finst lite tilfang for born og ungdom på nynorsk. Dermed blir målkjensla til dei som lærer nynorsk på skulen først og fremst merkt av den sterke bokmålsdominansen i samfunnet. Det er sjeldan at det har kome fram sterke erklærte nynorskhatarar i røystingane i år. I staden for å engasjere seg for å endre målstoda utanfor skulen, går altså nokre foreldre til det å steget å ønskje endring av skulemålet.

Jamvel om tre av røystingane vart vunne, er det framleis tale om defensive sigrar. For å kome unna slike krav i nynorskkrinsar, blir det framover avgjerande å utvide bruksområdet til nynorsken. Det vil seie at Noregs Mållag sentralt og lokallaga set skulemålsarbeidet inn i ei større kulturpolitisk råme. Det tilseier betre arbeid andsynes barnehagane, offentleg målbruk og media.

Det er eit ålvorleg organisatorisk og politisk problem at målrørsla ikkje er i stand til å utfordre målstoda gjennom opptak til offensive røystingar.

**Åtak på nynorskklassane**

Ved skulestart i august 2004 innførte skulane den «nye» opplæringslova frå 2003. Viktigaste endringa var at omgrepet «klasse» var bytt ut med «gruppe»: Elevane kan organiserast i grupper etter behov. Det opna for at skulane, dvs rektorane, kunne organisere undervisninga på måtar dei sjølve måtte finne føremålstenlege utan å tenkje på avgrensingar om elevtal.

Opplæringslova heldt samstundes oppe retten til å krevje eiga språkleg parallellgruppe dersom minst ti elevar ynskte eit anna opplæringsmål enn det kommunen hadde vedteke. Denne retten vart òg slegen fast i førearbeida til så vel departementet som KUF-komiteen på Stortinget. Det vart berre opna for fellesundervisning i praktisk-estetiske fag eller liknande.

Alt før skuleslutt våren 2004 fekk likevel foreldre ved ei rad skular melding om «fellesundervisning for bokmåls- og nynorskelevar». Skulane meinte at bytet av «klasse» til «gruppe» oppheva retten til å krevje eiga undervisning for nynorskklassane. I dei fleste tilfella fekk foreldra melding om dette siste skuledagen, i form av ein lapp som elevane hadde med seg heim frå skulen. Noregs Mållag har vorte kontakta av foreldre på 14 skular i 10 kommunar der det har gått føre seg ulovleg gruppeblanding. Foreldra har klaga på vedtak om blanding. Klagene har jamt vorte avviste av skulane sjølve, men sjeldan sende vidare til høgare organ som skal handsame klagesakene.

Blanding av språkgrupper utgjer eit alvorleg trugsmål på fleire måtar. For det første blir retten til nynorskelevar råka.

**Skulemålsrøystingar 2004**

| Dato | Krins | Kommune | Frammøte | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 30.03.04 | Soma | Sandnes | 602 | 64 | 81 | Bokmål |
| 01.04.04 | Skurdalen/Dagali | Hol | 305 | 81 | 85 | Bokmål |
| 13.05.04 | Stokkastrand | Karmøy | 973 | 255 | 103 | Nynorsk |
| 03.06.04 | Heskestad | Lund | 351 | 93 | 108 | Bokmål |
| 07.06.04 | Engjom | Gausdal | 656 | 199 | 110 | Nynorsk |
| 24.10.04 | Reinli | Sør-Aurdal | 344 | 144 | 76 | Nynorsk |

Det er her tale om brot på ein prinsipiell språkrett heimla i prinsippet om jamstelling mellom målformene. For det andre er ei språkblanding med på å gjere språkopplæringa meir utrygg for nynorskelevane. Det er i sin tur med på å danne grunnlag for målbyte frå nynorsk til bokmål. Vi veit at språkpresset mot nynorskelevar er særleg sterkt i område som er målblanda. Sidan kring 10 prosent av alle nynorskelevar har gått i nynorske parallellklassar, er det her tale om eit røynleg åtak mot nynorsken. Eit tredje moment er at blanding av elevar med ulikt hovudmål vil skremme foreldre frå å velje nynorsk for borna på bokmålsskular.

Kommunane og rektorane legg fram ulike grunngjevingar for klasseblandinga, men fleire rektorar har vore ærlege og sagt rett ut at dei er nøydde til å spare pengar. Somme stader har det vore presentert moglege pedagogiske siktemål, men desse har vore særs vage.

**Sandnes**

Sandnes er den kommunen i Noreg med flest nynorske parallellklassar (7), og freistnaden på blanding av bokmåls- og nynorskklassar vart dimed omfangsrik. I den samanhengen kontakta foreldre lokallaget og Noregs Mållag, og bad om hjelp. Alt før skuleslutt var Noregs Mållag representert på såkalla informasjonsmøte som skular hadde med foreldra om «den nye lova». Sameleis organiserte Sandnes Mållag møte med foreldre til nynorskelevar der vi drøfta strategi og tiltak.

Etter drøftingar med Noregs Mållag og med foreldre gjekk Sandnes Mållag til sak mot Sandnes kommune for brot på opplæringslova paragraf 2-5, fjerde lekken. Ein ville ha mellombels åtgjerd for å stogge praksisen med ein gong.

Rettssaka tok ein del tid. Etter dei første tingingane vedtok Sandnes tingrett å avvise søksmålet av di retten meinte Sandnes Mållag ikkje hadde rettslege interesser i saka. Sandnes Mållag anka saka til Lagmannsretten, og vann der. Sandnes kommune anka så denne avgjerda, og det måtte ordskurd i Høgsteretts kjæremålsutval til for å fastslå at Mållaget hadde rettsleg interesse i saka. Denne avgjerda var viktig for prinsippet om at kulturpolitiske rørsler og interesseorganisasjonar har rettsleg interesse i saker som gjeld arbeidet deira.

Etter nye rettstingingar i januar 2005 kom domen frå tingretten: Sandnes kommune vart dømd for lovbrot! Retten vedtok at paragraf 2-5 er ei særlov som står over paragraf 8-2. Retten til å krevje eiga gruppe for anna hovudmål enn det som er vedteke for kommunen, er knytt til offisiell norsk språkpolitikk, dvs. til jamstellinga mellom bokmål og nynorsk. Retten slo fast at det ikkje låg føre noka som helst endring i offisiell norsk språkpolitikk ved endringa frå «klasse» til «gruppe». Sidan spørsmålet gjeld mellombels åtgjerd, er domen gjeldande frå rettsdato og fram til noko anna blir rettsleg fastslege.

Sigeren i Sandnes er viktig for framtida til nynorskklassane i Noreg spesielt, og for parallellklasseretten generelt. Vi merkjer oss òg at retten slår fast at norsk språkpolitikk går ut på å leggje tilhøva til rettes for like vilkår for bokmål og nynorsk i skulen.

Noregs Mållag har opplyst relevante skular og styresmakter om vedtaket.

Sidan rettssaka i Sandnes galdt mellombels åtgjerd, har det vore viktig for Noregs Mållag å synleggjere gjennom fleire politiske tiltak og utsegner at praksisen med gruppeblanding er ulovleg. Det har såleis vore gjort framstøytar andsynes stortingspolitikarar og kome utsegner som støtta vårt syn frå Rolf Reikvam (SV), Arne Lyngstad (KrF) og Sigvald Oppebøen Hansen (AP) i *Norsk Tidend*. Noregs Mållag tok vidare opp Sandnes-saka med statssekretær Helge Ole Bergesen på haustseminaret åt Noregs Mållag. Bergesen svara at den nye opplæringslova ikkje opnar for noka utviding av praksis med elevblanding. Svaret vart referert i *Norsk Tidend*. Noregs Mållag gav dessutan innspel til leiaren i Utdanningskomiteen, Rolf Reikvam, som tok saka opp i spørjetimen i Stortinget 13. oktober 2004. Odd Einar Dørum svara då på vegner av statsråd Kristin Clemet at ingenting prinsipielt var endra. Samstundes sa han at departementet gjennom Utdanningsdirektoratet vil følgje opp saka med fylkesmennene. Noregs Mållag purra på Utdanningsdirektoratet i møte 18. januar 2005, og fekk melding om at saka var under handsaming.



*Utdanningsdirektoratet vart etablert sommaren 2004. Sjefen Hans Petter Skarheim sa ja til søknaden frå Oslo kommune om å gje fritak frå sidemål. Foto: Utdanningsdirektoratet*

## Sidemålet: sterke åtak med styrkt resultat

På grunn av harde åtak mot sidemålsordninga har Noregs Mållag òg dette arbeidsåret hatt sidemålet som eitt av dei aller viktigaste arbeidsfelta. Resultata viser at hardt og medvite arbeid gjev gjennomslag, men at sidemålsstriden slett ikkje er over.

Det har vore gledeleg å sjå det store engasjementet og medvitet kring verdien av nynorsk som fellesspråkleg arv i samband med dei sterke åtaka. Nynorsken har i det perspektivet kome styrkt ut av sidemålsstriden fordi mange langt utanfor den organiserte målrørsla har «stått fram» og uttrykt støtte til nynorsken. Det viser at der er stor kampvilje når motstandarane går for langt i å ville setje til nynorsken til sides.

**«Kultur for læring»**

Det mest alvorlege åtaket mot sidemålet kom i form av stortingsmeldinga «Kultur for læring», som vart lagt fram 2. april. Før stortingsmeldinga kom det regjeringslekkasjer som tyda på at det kunne kome ei svekking av sidemålsordninga. Det viste seg òg å vere tilfellet. «Kultur for læring» kom med framlegg om å kutte sidemålseksamen på ungdomsskulen, å gjere sidemål på vidaregåande til trekkfag, og å ha ingen nasjonale prøver på sidemål. Mykje tyda òg på at ein ikkje ville få karakterar i sidemål. Til saman ville desse framlegga føre til at statusen til sidemålet vart nedgradert, og at ein ikkje lenger hadde noko nasjonalt, forpliktande system for å måle kompetansen i sidemålet. På sikt ville slike endringar ha katastrofale verknader. Då miste ein grunnlaget for å halde oppe dei ordningane som er regulerte av mållova, og det vil i realiteten seie at mållova og jamstellingsprinsippet ikkje kunne gjelde lenger.

Regjeringa forsvara politikken sin mellom anna med å vise til at det skulle opprettast eit kompetansesenter for nynorsk i opplæringa. Noregs Mållag tykte ideen om eit slikt kompetansenter i og for seg var glimrande, men kunne sjølvsagt ikkje akseptere det som noko «plaster».

«Kultur for læring» fokuserte på alle dei problema som kunne knytast til nynorsken og til sidemålet. Argumentasjonen og retorikken viste tydeleg ein identifikasjon med bokmålsbrukarane, og det vart gjort slutningar som både var ulogiske og mangla forskingsbakgrunn. Det vart t.d. vist til at andrespråkselevar vel norsk som andrespråk pga. sidemålet. Då var det underforstått at sidemålsordninga var med på å gjere norskopplæringa for innvandrarar dårleg, og ein såg ikkje sidemålskunnskap som viktig kunnskap òg for innvandrarar. Vidare vart det, korrekt nok, vist til at det finst lite systematisk forsking om sidemål. Meir ulogisk var det då å hevde at forskinga var delt i synet på om skriftleg sidemålsopplæring styrkte eller svekte opplæringa i hovudmålet. Stortingsmeldinga var vidare tendensiøs i tilvisinga til forsking på språkkløyvde lærebøker. Ho fokuserte berre på negativitet blant elevar overfor nynorsk. Det vart ikkje vist til at 70 prosent i forskinga sa at dei var likesæle til språkspørsmålet, og at negative haldningar såleis ikkje stikk så djupt. Meldinga hadde heller ikkje det synet at negative haldningar var noko skulen burde endre; utgangspunktet var at ein skulle akseptere dei. Stortingsmeldinga viste elles til Europarådets rapport «Language Policy Profile: Norway» der det vart peikt på at sidemålet representerte ein ressurs for allmenn språklæring. Stortingsmeldinga avviste så resonnementet til Europarådet, som bygde på internasjonal forsking om tospråkleg læring, med at det ikkje fanst forsking om emnet i Noreg. Ei meir velviljug haldning ville vere å gå inn for å satse på slik forsking. Ganske så avslørande var synsmåtane i stortingsmeldinga om at det var «urettferdig» å trekkje hovudmål og sidemål til eksamen. At trekking følest urettferdig for dei som er svakare i sidemålet, er sannsynleg, sidan elevar tenkjer strategisk. Men at det momentet kom med i meldinga, viste identifikasjonen med den dominerande språkgruppa i samfunnet, bokmålsbrukarane.

For Noregs Mållag var det viktig å få fram at åtak mot sidemål representerte eit åtak mot nynorsken og den norske tospråksstoda. Difor dreidde arbeidet for sidemål seg om kva slags språksamfunn Noreg skulle vere.

Noregs Mållag sette så i gang eit omfattande arbeid for å få til eit anna vedtak i Stortinget om sidemålet. Sentralt



*Målungdommen i Oslo feirar 1 års-dag med kake og stas. Den viktigaste saka for laga i Oslo har vore sidemålsfritaket i Oslo kommune. Frå venstre: Ida Ylvisaker, Mari Lund Arnem, Bianca Løkkeberg, Sigrid Kleiva Gramstad, Victoria Halstensen, Jens Kihl.*

*Foto: Marit Aakre Tennø*

hadde Mållaget mange møte med politikarar, og det vart gjeve innspel til fagmiljø, det politiske miljøet og til pressa. I samband med landsmøtet vart det mykje blest om sidemålssaka, mellom anna med gatekonsert for nynorsk med Side Brok. Både lokallag, fylkeslag og einskildmedlemer engasjerte seg gjennom press mot politikarar, avisinnlegg og fråsegner. I mai vart det skipa ein nasjonal aksjonsdag for sidemål der opp mot 50 lokallag deltok.

I Stortinget var der intern usemje i regjeringspartia om sidemålssaka. Detaljane i ein sidemålsavtale mellom regjeringspartia og Arbeidarpartiet kom på plass på overtid. Stortingsvedtaket representerte i sin tur ei klår forbetring i høve til framlegget i «Kultur for læring». Det vart presisert at skriftleg sidemålsopplæring framleis skal vere obligatorisk, og at opplæringa skal bli betre. Vidare skal sidemålet vurderast gjennom karakterar på lik line med andre skulefag. Ein viktig siger var innføringa av nasjonale prøver i både hovudmål og sidemål i lesing og skriving. Det inneber ei utviding av området for sidemålsopplæring, og bør kunne fungere som tildriv til sidemålsopplæring i andre fag enn norskfaget. Stortinget presiserte derimot ikkje omfanget av nasjonale prøver; det skulle fagmiljøet take seg av. Noregs Mållag er vidare nøgd med at det framleis skal vere obligatorisk eksamen i sidemål til eksamen i ungdomsskulen. Rett nok er det prinsipielt uheldig at sidemålet skal ha mindre plass i eksamensprøvinga enn hovudmålet. Det er òg uheldig at ein let sidemålet på vidaregåande bli trekkfag. Her burde ein ha hatt lik vurderingsmåte for hovudmål og sidemål. Det var berre SV og Senterpartiet som viste seg å vere klåre og prinsipielle nok på dette punktet. Noregs Mållag ser samstundes at med nasjonal prøve i 11. året og trekkeksamen 13. året vil ein få tilfredsstilt krava for ei kunnskapsvurdering. Med nasjonale prøver vil også området for utøving av sidemålet bli utvida. Samla sett gav stortingsvedtaket eit resultat som målrørsla i hovudsak har sett på som brukbar.

Ei heilt anna sak gjeld den negative praksisen på sidemålsområdet som Utdanningsdirektoratet har gjeve seg inne på (jf. nedanfor). Den praksisen representerer brot på stortingsvedtaket, og viser at vi no er inne i ein viktig tolkingsfase og gjennomføringsfase av stortingsvedtaket.

### Oslo-fritaket

Etter lang strid og mykje usemje vedtok fleirtalet i Oslo bystyre 14. april å søkje Læringssenteret om løyve til å gjennomføre eit forsøk som innebar fritak frå sidemålsopplæring. Forsøket skulle gjelde halvparten av dei vidaregåande skulane i Oslo. SV, Venstre og RV gjekk imot fritaksforsøket, medan Arbeidarpartiet gjekk inn for det, jamvel om fylkesårsmøtet åt Oslo Arbeidarparti hadde gjort vedtak om å styrkje sidemålsopplæringa. Noregs Mållag hadde på førehand hatt fleire møte med dei politiske partia i Oslo, mellom anna med inviterte fagfolk.

Ein søknad frå Oslo kommune om sidemålsfritak vart sendt til Læringssenteret først i juni. Då var Læringssenteret i ferd med å bli nedlagt og avløyst av det nyoppretta Utdanningsdirektoratet. Direktør for det nye direktoratet var økonomen Petter Skarheim, ein nær medarbeidar av utdanningsminister Kristin Clemet.

I september kunngjorde Utdanningsdepartementet at det ville godkjenne forsøket med fritak frå sidemål i Osloskulen. Noregs Mållag reagerte skarpt på denne godkjenninga, til liks med resten av fagmiljøet i Noreg. Vi viste for det første til at fritaksforsøket stod i motstrid til stortingsvedtaket frå 16. juni om «Kultur for læring» der det heiter at obligatorisk skriftleg sidemålsopplæring skal halde fram, og at opplæringa skal bli betre. Vidare peikte vi på dei faglege manglane ved opplegget, og at opplegget ikkje tilfredsstilte elementære krav til forsøksverksemd der målet er at ein skal styrkje eit fag, ikkje svekkje det.

Etter dette byrja problema for Oslo kommune og for Utdanningsdirektoratet.

Oslo kommune hadde føreåt teke kontakt med fleire forskingsmiljø, og desse svara – før løyvet frå direktoratet var i orden - at prosjektet ikkje svara til elementære vitskaplege krav og til forskingsetikk. Det galdt Institutt for lærarutdanning og skuleutvikling ved Universitetet i Oslo, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo, Avdeling for lærarutdanning ved Høgskulen i Oslo, Senter for leseforsking i Stavanger og Høgskulen i Volda. Vidare sa Norsk språkråd seg ikkje viljug til å gå inn i ei referansegruppe for prosjektet. Underkjenninga frå fagmiljøet vart grundig dekt mellom anna i fagbladet Forsker-forum. Det er tydeleg at Utdanningsdirektoratet har gjort eit vedtak som ikkje held fagleg mål, og at det såleis måtte vere politisk. I seinare tid har det òg kome fram at fleire elevar ikkje har vorte godt nok informerte om konsekvensane av eit sidemålsfritak, mellom anna at ein ikkje vil få allmenn studiekompetanse.

Noregs Mållag meinte at Utdanningsdirektoratet hadde sett til sides politiske vedtak og vist eit så dårleg fagleg skjønn at den einaste logiske konklusjonen var at direktør Petter Skarheim trekte seg.

Det viser seg at jamvel om forsøket med sidemålsfritak vart sett i gang hausten 2004 har Oslo kommune i byrjinga av våren 2005 enno ikkje fått eit einaste seriøst fagmiljø i Noreg eller utlandet som vil evaluera forsøket – noko som var ein føresetnad.

### Vituge forsøk

Etter det særs vellukka positive sidemålsforsøket på Åndalsnes ungdomsskule skuleåret 2002-03, gjennomførde vidaregåande skular og ungdomsskular førre skuleåret same type forsøk. Alle stader melder lærarane om gode resultat; elevane er vortne fagleg sterkare og dei har endra haldningar til nynorskopplæring i skulen. Ved skulestart 2004 sette også ein ungdomsskule i Namsos og ein vidaregåande skule i Kristiansandi gang med same positive forsøk. Det er såleis sett i gang positive sidemålsforsøk i Tromsø, Bodø (Skjerstad), Namsos, Sunndalsøra, Ålesund, Askøy, Oslo og Kristiansand – attåt Åndalsnes.

Alle stader der forsøka har kome i gang, har Noregs Mållag i samarbeid med lokal- og fylkesmållag drege i gang prosjekta. Ikkje minst gjeld dette finansieringa av forsøka der lokal- og fylkesmållag har betalt heile klassesett med nye læreverk på nynorsk for skulane. I arbeidsperioden har fleire skular ynskt å setje i verk slike forsøk, men det har stranda på manglande økonomi, mellom anna gjeld det Østfold.

Høgskulen i Volda og det nyskipa nasjonale kompetansesenteret for nynorskopplæring vil setje i verk fylgjeforsking på desse forsøka. Noregs Mållag har presentert desse

tiltaka for Utdanningsdirektoratet, og det kan vere von for at styresmaktene tek over ansvaret for å finansiere og marknadsføre forsøk for å styrkje – ikkje svekkje – det faglege nivået hjå elevane.

I desember 2004 hadde elevar på åtte vidaregåande skular over heile landet avsluttande eksamenar i sidemål, dvs nynorsk. Desse skulane gjennomførde forsøk med periodifisert sidemålsundervisning i haustsemesteret, dvs at all norskundervisning var på og om sidemålet. I tillegg brukte fleire av desse skulane nynorske læremiddel i andre fag enn norsk, til liks med åndalsnesmodellen. Jamvel om framskoten eksamen i sidemål er ei formell svekking av den jamstelte statusen mellom eksamen i hovudmål og sidemål, kan det vere at det reelle innhaldet i desse forsøka innebar ei fagleg styrking av sidemålsundervisninga. Noregs Mållag har motteke meldingar frå skular som gjennomførde forsøket om at elevane fekk titals mange gonger meir undervisning i og på nynorsk gjennom forsøket samanlikna med vanleg sidemålsundervisning. Noregs Mållag bør sjå nærare på om slike forsøk inneber ei kvalitativt og kvantitativt betre sidemålsundervisning.

Det blir gjort mykje spanande og bra utvikling av nynorskopplæringa i skulen, men diverre er det sjeldan at kunnskap om tiltak som røynleg styrkjer det faglege nivået blir informert om, ikkje minst har styresmaktene vist ei evne til ikkje å spreie kunnskap om slike tiltak. Den største utfordringa i sidemålsarbeidet framover blir å få fram at elevane reagerer på karakter og eksamen i eit fagemne dei knappast får undervisning i, og at det skal særs lite til for å heve nivået i og endre haldningane til nynorsk hjå elevane.

## Nye læreplanar i norsk

I framlegga til nye læreplanar i norsk blir det ikkje spesifisert kva slags litteratur ein skal lese, t.d. omfanget av nynorsklitteratur.

Det er òg verdt å merke seg at i høyringsutkastet frå Utdanningsdirektoratet kjem den skriftlege opplæringa i sidemål dårlegare ut enn det som kom frå læreplangruppa. Det viktigaste er framlegget om at vurderingsmåten skal endrast; ein skal i 10. klasse få karakter som skal hyse både hovudmål og sidemål. Sidemålet skal vere mindre vekta, men det er ikkje presisert kor mykje. Noregs Mållag har markert at dette er i strid med stortingsvedtaket, jf. komitemerknaden om «Kultur for læring»: «Dette flertallet vil videre minne om at opplæringen i sidemål skal være gjenstand for vurdering på vanlig måte, på lik linje med andre skulefag.»

På grunnkurset på vidaregåande (GK, VG1) har det sidan 1994 vore slik at sidemålet skal vere representert med ⅓ av karaktergrunnlaget. I høyringsutkastet er der ingen krav på VG1.

Noregs Mållag er høyringsinstans, og vil engasjere seg vidare i læreplanarbeidet.

## Nynorsk for innvandrarar

Våren 2004 fekk over 3000 vaksne innvandrarar norskopplæring i nynorskkommunar, og berre 1/3 av desse hadde opplæring i nynorsk. Det er uheldig for den sosiale og kulturelle integreringa.

Eitt av problema er mangelen på nynorske læremiddel. Det elektroniske programmet «Nynorsk pluss», laga av Gloppen kompetansesenter, er framifrå, men det trengst meir. I tillegg diskriminerer styresmaktene indirekte dei som måtte ønskje å ta høgste nivået i norskopplæring for vaksne innvandrarar, nivå 4 i den såkalla «Bergenstesten», ved at ein ikkje presiserer at testen skal liggje føre på båe målformer.

I 2003 etablerte lokale lærarar på Sunnmøre eit nettverk for kontakt og informasjon om stoda. Det viser seg nemleg at lærarar må omsetje læremateriell sjølve. LNK og Nynorsk kultursentrum arbeider med saka, og det same gjer Lærar-




*For sidemål og Side Brok!* *Foto: Hege Lothe*

mållaget gjennom seminar og arbeid overfor skulekontor. Her trengst det meir målretta innsats, òg av Noregs Mållag.

## Nynorsk kompetansesenter

Stortinget vedtok i juni 2004 å opprette eit kompetansesenter for nynorsk i opplæringa, knytt til Ivar Aasen-instituttet i Volda. Hovudoppgåva for senteret skal vere å leie og samordne arbeidet med å styrkje nynorskopplæringa i skulen. Senteret blir opna av utdanningsminister Kristin Clemet 30. mars 2005. Styremedlem i Noregs Mållag, Anne Steinsvik Nordal, har sidan 1. januar 2005 fungert som prosjektansvarleg.

Lanseringa av kompetansesenteret skjedde i samband med stortingsmeldinga «Kultur for læring». Noregs Mållag har god tru på tiltaket. Vonleg vil senteret vere med på å styrkje nynorskopplæringa, både for nynorsk som hovudmål og som sidemål.

## Haustseminar: Nynorsken i Clemet-skulen

Noregs Mållag skipa 23.-24. oktober til seminar i Bergen om Nynorsken i «Clemet-skulen». Bakgrunnen for seminaret var dei mange skulereformene som går føre seg for tida, og seminaret dreidde seg både om innhald og organisering, ideologi og praksis. Innleiarar var: statssekretær i Utdanningsdepartementet Helge Ole Bergesen (Nynorsken i Clemet-skulen), professor Peder Hauge (Historiske føresetnader for Clemet-skulen), professor Kjell Lars Berge (Sidemålet ¬– kva no?), høgskulelektor Anne Steinsvik Nordal (Betre sidemålsopplæring), høgskulelektor Benthe Kolberg Jansson (Nynorsken i læreplanar for norskfaget), høgskulelektor Per Arne Michelsen (Nynorsklitteraturen i skulen), forfattar Gunnhild Øyehaug (Nynorsklitteraturen i skulen) og leiar i Noregs Mållag, Endre Brunstad (kommentarar og vurderingar).

Innleiingane og ordskifta heldt eit høgt fagleg nivå, og var spanande, samstundes som innleiarane fortener ros for å formidla kompliserte emne på ein «folkeleg» måte. Ordskifta på seminaret gav viktige innspel for det vidare arbeidet med skulepolitiske saker.

## Læremiddel

Det har eksistert eit unntak i kravet om læremiddel til same tid, stad og pris, og det gjeld for administrativ programvare. I samband med handsaminga av «Kultur for læring» vart unntaket oppheva, og det innebar ein stor siger for nynor sken og målrørsla.

Både OpenOffice og Microsoft Office 2003 er tilgjengelege både på nynorsk og bokmål. Lovendringa var naudsynt for å sikre at framtidige utgåver av desse programma også kjem på nynorsk.

### Lærebokstønaden

I framlegget til statsbudsjett hausten 2004 la regjeringa opp til å fjerne lærebokstønaden for høgare utdanning. Denne stønaden sikrar utgjeving av pensumlitteratur på norsk og samisk. Stønaden til samiske lærebøker vart i framlegget oppretthalden. Løyvingane er i hovudsak sett av til produksjonsstønad til forlag, og skal gå til å dekkje eit mangelområde innan høgare utdanning, lågopplagsbøker




*Boka «Brennbart» av Kjartan Fløgstad skapte stor merksemd i media. Biletet er frå ein debatt i Redaksjon EIN på NRK. Bernt Hagtvedt, Kjartan Fløgstad, Viggo Johansen, Hans-Fredrik Dahl og Ragnhild Bjørge.* *Foto: NRK.*

og basisutgåver på nynorsk og samisk.

Forslaget vekte sterke reaksjonar både i målrørsla og hjå forlagsbransjen, der Norsk faglitterær forfattarforening og Samlaget var tydelege røyster. Norsk Studentunion og Studentmållaget i Oslo lot seg òg høyre i denne saka. Noregs Mållag sa klårt i frå i merknadene til Statsbudsjettet som vart sendt til KUF-komiteen på Stortinget.

Innsatsen vart krona med ein delvis siger, representantar for regjeringspartia og FrP i Utdanningskomiteen skreiv under ein avtale der stønaden blir vidareført med fire millionar kroner.

# Informasjonsteknologi og media

## Informasjonsteknologi

Sidan 1999 har det vore ei kampsak for Noregs Mållag og Norsk Målungdom å få fjerna unnataket om parallellitetskrav for administrativ programvare i skulen. Endeleg vann målrørsla fram då Stortinget den 17. juni 2004 fjerna dette unntaket i opplæringslova. Noregs Mållag framheva i samband med handsaminga av statsbudsjettet at det var viktig at departementet set av midlar til administrativ programvare.

Då dette arbeidsåret tok til var Microsoft Office 2003 og OpenOffice tilgjengelege på nynorsk. Difor har Noregs Mållag prioritert å gjere denne programvaren kjend, og at han blir teken i bruk.

## Opning for nynorsk i *Dagsavisen*

*Dagsavisen* har det siste året slept nynorsken til på redaksjonell plass ved fleire høve. Det er ei særs gledeleg utvikling og ein milepåle for arbeidet med nynorsk i Oslo-avisene. Noregs Mållag gav såleis målblome i juni 2004 til *Dagsavisen*. Seinare gav Mediemållaget Nynorsk redaktørpris til redaktørane Hilde Haugsgjerd og Cathrine Sandnes.

## Presse

For nynorskbrukarar i nynorskområda er det avgjerande at lokalavisene har rammevilkår som gjer det mogleg å halde oppe utgjevingsfrekvensen og utvikle avisene vidare.

Det er framleis eit press mot pressestøtta. I år var det FrP som ikkje fekk gjennomslag for sitt krav om å innføre meirverdeavgift på abonnement av aviser, og lik mva. mellom avis, vekeblad og bøker. I 2004 auka avisportoen med om lag 20 prosent for lokalavisene. Posten varsla i fjor like stor auke i 2005 og 2006. I forhandlingar mellom MBL/LLA og Posten har partane kome fram til ein vesentleg lågare auke på 9,5 prosent for 2005. Det blir òg opna for lokale forhandlingar om pris og distribusjonsløysing, og ein gjensidig kvalitetsavtale på distribusjonen skal innførast gradvis over tre år.

Noregs Mållag har i perioden arbeidd for at det blir stilt språkkrav til mva-fritaket for aviser. Mållaget krev at riks- og regionaviser med eit opplag på over tjue tusen skal ha minst fem prosent eigenprodusert stoff på nynorsk for å få fullt mva-fritak. Den indirekte pressestøtta i form av mva-fritak utgjer 82 prosent av den samla pressestøtta, og er noko som kjem dei største avisene til gode. *VG*, *Aftenposten* og *Dagbladet* endar opp med om lag 40 prosent av den totale pressestøtta. Om lag halvparten av pressestøtta går såleis til aviser med nynorskforbod.

Ei gledeleg melding er det at endå eit nynorsk pressebyrå er vorte starta opp. Raude Media er eit pressebyrå som leverer forbrukarstoff om bil og båt til lokalaviser på nynorsk.

I samband med skifte av dagleg leiar / redaktør i Nynorsk Pressekontor, var det eit mindre ordskifte i media om lokaliseringa av kontoret.

## NRK

Den 1. september vart Nynorsk mediesenter opna i Førde, Noregs Mållag var representert ved styret. Det vart ein festdag der kulturminister Valgerd Svarstad Haugland opna senteret og solide kulturkrefter som Odd Nordstoga, Oddvar Torsheim og Linda Eide stod for underhaldninga. Noregs Mållag har ved fleire høve peika på at Mediesenteret bør bli ei eiga stifting som får tilskot over statsbudsjettet.

Noregs Mållag har i arbeidsåret samarbeidd med Kringkastingsringen om tiltak for å styrkje nynorsken og dialektane i barne- og ungdomsprogram i NRK. Mållagsleiaren innleidde på eit ope møte i Oslo om saka, og var òg saman med leiaren i Kringkastingsringen på eit møte med barne- og ungdomsavdelinga i NRK. Vår vurdering er at for å få meir nynorsk og dialektar, må meir av fjernsynsproduksjonen gå føre seg utanfor Oslo, t.d. på distriktskontora.

## TV 2

Noregs Mållag og Kringkastingsringen hadde 13. januar 2005 møte med TV 2 ved Kåre Valebrokk og Rune Indrøy. På møtet drøfta vi nynorskbruken i TV 2, spesielt galdt det nynorsk tale i barneprogramma og nynorsk teksting på innkjøpte program. TV 2-leiinga var særs positiv til å få meir nynorsk tekst og lova å sjå på saka. Så langt er resultatet at dei har valt nynorsk teksting i serien «I skotlinja» som hadde premiere laurdag 12. februar. Dessutan tekstar dei no ein Tabloid-reprise på nynorsk kvar veke og i gjennomsnitt vil det òg vere om lag ein dag i veka med nynorsk teksting i nyhendesendingane. Noregs Mållag er særs nøgd med måten spørsmålet vart handtert på i TV 2 og opplevde dei som imøtekomande og løysingsorienterte. På lengre sikt er det avgjerande for nynorskbrukarar at ein møter språket sitt i vanleg bruk i media, og i eit slikt perspektiv er det ein stor siger at også TV 2 no bruker nynorsk i skrift i somme program.




## Internett

4.-5. november arrangerte Nynorsk kultursentrum ein arbeidskonferanse om nynorsk på internett. Denne konferansen skulle leggje arbeidsgrunnlaget for Nynorsk leksikon. Det Norske Samlaget har i fleire år arbeidd mot eit nynorsk oppslagsverk, frå 1999 vart dette arbeidet systematisert i samarbeid med Nynorsk kultursentrum. Vonbrotet var difor stort då midlane heller ikkje i år kom over statsbudsjettet. Framgangen for nynorsk på internett kan likevel sporast. Det frie oppslagsverket Wikipedia finst

i nynorskversjon og Firmaet Ulstein IT har òg kome med ei eiga publiseringsløysing for internett som berre finst på nynorsk, FolkeWeb.

### Høyring digitale læringsressursar

Noregs Mållag sende inn høyringsfråsegn til Utdannings- og forskingsdepartementet om strategisk plan for digitale læringsressursar.

Vi peika særskilt på det allmenne rettferdskravet i at det skal vere jamstelling innanfor elektroniske læringsressursar, trongen for eit nynorsk leksikon og ein norsk språkbank, dvs ei samling av norske språkressursar i form av tekst- og talesamlingar, på nett.

## Næringsliv

Grunna det store presset på nynorsk i skulen frå fleire hald, har styret måtta prioritere ressursbruken stramt og ikkje fått høve til å setje i gang store tiltak på næringslivsfeltet.

Styret valde å leggja grunnlaget for eit godt framtidig arbeid med å produsere eit næringslivshefte, som presenterer eit variert utval av næringslivsbedrifter som medvite og med hell bruker nynorsk i dag. Heftet vil liggja føre til landsmøtet.

I november vart den første nynorske nettbanken presentert på ein konferanse i Aasen-tunet. Det er Sparebanken Ørsta Volda og Voss Sparebank som har gått saman om å få laga ei løysing for nynorsk nettbank. Nok ein gong viser velviljug innstilte føretak at det er fint råd å få på plass gode nynorske løysingar dersom viljen er til stades. Voss Mållag og Nynorsk kultursentrum har vore involverte.

## Kulturpolitikk

### *Brennbart*

Nynorsken og målrørsla vart hausten 2004 eit større debatttema i norske aviser etter at Kjartan Fløgstad gav ut boka *Brennbart*. Her skuldar han medievitaren Hans Fredrik Dahl for historieforfalsking. I band 3 av *Norsk Idéhistorie* insinuerer Dahl at det var samrøre mellom Noregs Mållag og Nasjonal Samling under krigen. I boka si peika Fløgstad òg på at når Lars Roar Langslet i boka om Riksmålsrørsla skriv at dei ikkje samarbeidde med NS, er dette det motsette av det som skjedde. Langslet la seg flat og innrømte at han hadde lese kjeldene feil.

I ordskiftet som kom etter *Brennbart* var det Hans Fredrik Dahl som i første rekkje vart skyteskive. Historikarmiljøet har slege fast at det ikkje var samrøre mellom Noregs Mållag og NS, men at det tvert om var samarbeid mellom Riksmålsforbundet og NS.

Noregs Mållag har i liten grad delteke i den delen av ordskiftet som dreidde seg om krigsåra. Samstundes gav ordskiftet grunnlag for eit meir ålment ordskifte om nynorsk og målstoda.

### Bokbransjeavtalen

I september 2004 skulle den gamle bokbransjeavtalen reforhandlast og det var klårt at ein del av dei tidlegare kulturpolitiske verkemidla stod for fall. I pressemelding frå kulturministeren og moderniseringsministeren vart det like fullt presisert at prinsippet i opplæringslova om at skulebøker skal kome til same tid og pris, skulle stå fast også innanfor den nye avtalen.

Noregs Mållag har hatt møte med bokbransjeavtalen og uformelle samtalar med fleire andre aktørar gjennom hausten. Saka vart også teken opp på møte med kulturminister Valgerd Svarstad Haugland på eit møte 18. januar 2005. Mållaget har så langt peika på desse problemstillingane:

- Vil kravet om lik pris for nynorsk- og bokmålsbøker i grunnskulen kome i konflikt med anbodsreglane i EØS-avtalen?
- Vi får attendemeldingar frå bokhandlarar som varslar at dei tvilar på at dei kan halde same pris for nynorskbøker som for bokmålsbøker i den vidaregåande skulen. Korleis skal dette kravet konkret sikrast gjennom lov/føresegn overfor forlaga?
- Det vil i følgje bransjeorganisasjonane ikkje lenger vere skaffeplikt for skulebøker. Altså kan bokhandlarar med berre eit fåtal nynorskelevar i distriktet sitt late vere å ta inn nynorskbøker i det heile, noko som kan gjere tilgangen vanskeleg.
- Vil det bli ulik pris på bøker i sentrale strok og i distrikta? Det vil i tilfelle råke stort sett alle nynorskelevar, i tillegg til mange bokmålselevar – med tanke på den geografiske utbreiinga nynorsken har.
- Kven er pliktig å passe på at bøker brukte i skulen, følgjer parallellitetskravet? Bransjen tolkar det slik at det kanskje er skulen i framtida, medan Noregs Mållag tidlegare har retta alle slike saker til skuleeigar, altså fylkeskommunen.

Styret vil utdjupe problemstillingane og levera ei grundig høyringsfråsegn i saka innan fristen i midten av mars.

### Prisar frå Noregs Mållag

På landsmøtet i Ålesund vart det delt ut Nynorsk litteraturpris og Nynorsk barnelitteraturpris. Nynorsk litteraturpris gjekk til Jon Fosse for boka *Auge i vind*. Han fekk prisen for første gong i 1992. Nynorsk barnelitteraturpris gjekk til ein debutanten Hilde K. Kvalvaag for *Hjarteklapp*. Ho var sjølv på landsmøtet og tok imot prisen. Kvar av prisane er på 15 000 kroner. Utgiftene til Nynorsk barnelitteraturpris, dekkjer Noregs Mållag åleine, medan utgiftene til Nynorsk litteraturpris blir delt mellom Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget. Dei tre institusjonane har også kvar sin representant i juryen for litteraturprisen.

På landsmøtet fekk Geir Grav og Torill Tørjesen Målblomen for 2004. Rektor Geir Grav på Åndalsnes ungdomsskule var med å utvikla ideen om å styrkje nynorskundervisninga ved og late bokmålselevar bruke sidemålet i eit eige fag utanom norskundervisninga. Resultatet vart åndalsnesmodellen. Utan engasjementet og ikkje minst den positive viljen til rektor Geir Grav, ville det aldri ha funnest nokon åndalsnesmodell. Ein av stadene modellen vart teken i bruk er Holmlia skule i Oslo. Lektor Torill Tørjesen har gjennomført forsøket med stort engasjement saman med 50 elevar på 9. klassesteget forsøket.

Are Kalvø har fekk Målprisen til Noregs Mållag på fest-

middagen på landsmøtet. I grunngjevinga vart det sagt at prisvinnaren Are Kalvø står i ein unik posisjon i den norske humorverda. Han har fornya den norske satiren, og han har gjort det på nynorsk.

– Nynorsken kan brukast til alt, takka Are Kalvø. Det er viktig å syne fram at det er dei tøffaste folka som bruker nynorsk. At det er dei tøffaste rapparane og dei tøffaste forfattarane som brukar nynorsk, sa Are Kalvø til stor applaus på festmiddagen!

På sommaren vart *Dagsavisen* heidra med ein målblome fordi avisa slepper til nynorsk på redaksjonell plass. Ansvarleg redaktør Hilde Haugsgjerd vart glad for prisen. Sjølv gav ho mesteparten av æra til journalistane i avisa. Haugsgjerd sa det var lett å seie ja når nynorskbrukarar ville bruke språket sitt i samanhengar der det var naturleg.

### Norsk musikk

Siste året har vore ein opptur for norsk musikk. Det har vore det nestbeste salsåret nokon gong. Nokre av dei hipphoppbanda som gjer det godt, som til dømes Tungtvann, Gatas Parlament, Side Brok og DJ Ravi, gjer suksess på dialekt. I 2004 hende Odd Nordstoga på andre plass på *VG*-lista. Den formidable suksessen til Odd Nordstoga har gjort mykje godt for nynorsken og dialektbruk. Det same gjeld Gåte.

## Offentleg målpolitikk og målbruk

### Nynorsk i helseføretaka

I mars 2004 svara endeleg Helsedepartementet på brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet to år tidlegare om at mållova gjeld for helseføretaka. Helsedepartementet hadde ingen innvendingar til synspunkta som kom fram i brevet, og det var såleis klårt at vanlege reglar for bruk av nynorsk og bokmål i høve til mållova skulle brukast i helseføretaka. Det vil seia at det er administrasjonsmålet til eit fleirtal av kommunane som avgjer målforma i kvar av helseregionane.

#### Helse Bergen

Helse Vest skal ha nynorsk tenestemål etter mållova. Det skapte ein del medieoppslag like føre ferien at dermed også Haukeland Universitetssjukehus skal ha nynorsk tenestemål. På hausten kom saka opp att då informasjonsdirektøren gjekk ut og sa at det ville koste 25 millionar kroner berre å få skifta alle skilta på sjukehusområdet og at dette var uråd å prioritere i ein hardt pressa sjukehusøkonomi.

Noregs Mållag og mange andre svara gjennom pressemeldingar og andre medieoppslag. Vi har slege fast at nynorsken skal på plass, men at vi sjølvsagt vil vere «rause» innanfor rimelege grenser og ha forståing for at det kan ta litt tid før alt er lagt om til nynorsk. Vi peika også på at omleggingsarbeidet korkje ville ha vore så tid- eller kostnadskrevjande dersom Haukeland alt i utgangspunktet hadde teke omsyn til omlandet sitt gjennom å langt tidlegare etablera ein språkpraksis der ein veksla mellom dei to målformene.

I all hovudsak har kommunikasjonen med Haukeland Universitetssjukehus vore god. Dei har synt vilje til å etterleve mållova, og vi har sett konkrete resultat av det i informasjonsmateriell og anna på hausten og vinteren. Nettsidene til Helse Vest er no fullt ut på nynorsk, medan Haukeland Universitetssjukehus framleis har ein del arbeid å gjere, sjølv om det er ein god del nynorskoppslag på nettsidene deira no.

#### Helse Stavanger

I Helse Stavanger var tonen ein heilt annan enn i Bergen når det kom til nynorskbruk. Marginane var småe i Rogaland og dersom éin kommune skifta administrasjonsmål, ville det endre målbruken i Helse Stavanger. Mellom anna var det fleire Frp-arar som kasta seg inn i ordskiftet og straks fokuserte på at ein måtte få ein kommune til å skifte administrasjonsmål. Dei tilsette i Helse Stavanger var også særs negative til å måtte bruke nynorsk som tenestemål.

Rennesøy kommune gjorde eit vedtak om å gå over til nøytralt målvedtak for å få nøytralt mål i helseregionen. Dette vedtaket var så uklårt formulert at det lenge rådde tvil om målstatusen for kommunen. I februar har det vorte slege fast at dei blir rekna som nøytral kommune og slik kan det sjå ut til at det likevel ikkje blir nynorsk i Helse Stavanger. Administrasjonsmålet skal, etter endringa i Rennesøy, vere nøytralt. Det skal etterlevast gjennom ei rimeleg veksling mellom dei to målformene, og Noregs Mållag vil følgje nøye med på at Helse Stavanger gjer nett det.

#### Helse Sør

I Helse Sør, helseregion for Telemark, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder og Vest-Agder, har det òg vore mykje bråk om tenestemålet. Det er i vinter slege fast at tenestemålet for Helse Blefjell skal vere nynorsk, sidan eit fleirtal av kommunane har nynorsk administrasjonsmål. Språkrådet har presisert dette gjennom brev til Helse Blefjell i vinter, og Noregs Mållag vil følgje saka utover våren. I denne saka har også medlemer i Telemark Mållag lagt ned eit stort arbeid for å syte for at mållova blir følgd.

### Posten

Etter at Posten vart statleg aksjeselskap, fekk dei nye vedtekter der det m.a. heiter: «Prinsippa i mållova skal følgjast så langt råd er, men likevel ikkje slik at det utgjer nokon ulempe av betydning i høve til private konkurrentar.» Det er framleis ikkje avklara korleis dei endelege vedtektene blir, då departementet ikkje har handsama spørsmålet om verkeområde for mållova. Mållaget har tolka dei mellombels gjeldande vedtektene for Posten slik at intensjonen i mållova skal gjelda. Likevel har det vore ei markert forverring dei siste par åra.

Det har kome særs mange meldingar frå personar som melder om dårleg service og negative haldningar på postkontora. Det kan nærast verke som om dei tilsette har fått signal om at dei ikkje lenger pliktar å følgje mållova. Noregs Mållag følgjer saka tett.

#### Frimerke

I 2004 kom det mest ingen nynorske frimerke og mange har meldt om vanskar med å få tak i frimerke, særleg med den vanlegaste summen for brev; 6 kroner. Då Noregs Mållag

tok tak i saka, var det klårt at ein sentralt hadde store lager av nynorske 6-kroners frimerke. Problemet ser difor ut til å vere at dei lokale postkontora ikkje tek bryet med å tinge nynorskfrimerke, noko som underbyggjer opplevinga av at postkontora ikkje lenger kjenner same plikta til å følgje mållova.

For 2005 vil situasjonen heldigvis bli monaleg betre. Det kjem heile 10 nynorske frimerke i år med ulike summar. Det første kom i februar, og var eit 6-kronersmerke til Valentindagen med diktet «Nærast er du når du er borte» av Tor Jonsson.

Noregs Mållag har også søkt Postens frimerketeneste om å få vere ein del av frimerkeprogrammet for 2006 i samband med 100-årsjubileet vårt.

## Universitetet i Oslo

Sumaren 2003 hadde Universitetet i Oslo eit utspel der dei søkte om å få bli eit regionalt statsorgan for å sleppe å bruka nynorsk ved institusjonen. Dei fekk sjølvsagt avslag og Noregs Mållag rekna med at spørsmålet om målbruken deira var eit avslutta kapittel.

I januar i år kom det for ein dag at tilsette ved Universitetet i Oslo gjennom direkte kontakt med einskildstudentar, oppmodar nynorskstudentar om å velje bokmål til eksamen i staden. Grunngjevinga var at det var så vanskeleg for dei tilsette å omsetje eksamen til nynorsk. Dette er eit reint lovbrot og eit overgrep andsynes einskildstudentar frå Universitetet si side. Studentmållaget i Oslo har arbeidd mykje med saka, og dei og Mållaget vil gå saman om eit møte med universitetsrektoren for å drøfte haldningane og tiltaka som gjeld nynorsk meir systematisk.

## Bergen kommune

Bergen kommune er språkpolitisk nøytral, men har eit internreglement som seier at ein skal bruke bokmål i intern sakshandsaming. I den samanhengen har Noregs Mållag og Bergen Mållag hatt møte med politikarar i Bergen kommune. Målet er å få oppheva diskrimineringsreglane, og å få talfesta eit mål om nynorskbruk i offentleg teneste i Bergen kommune.

## Strid om tenestemålet i Agder bispedøme

I heile haust har det vore språkstrid i Agder bispedøme. Etter samanslåinga mellom Telemark og Agder bispedøme, skulle språket i bispedømet vere nynorsk. Dette godtok ikkje bispen, som gjekk så langt at han uttalte i pressa at han ville vurdera å oppmoda nynorskkommunar til å skifte målform.

Kultur- og kyrkjedepartementet avslo søknaden frå Agder bispedøme om å få sleppe å skrive på nynorsk og meiner bispedømet har praktisert bokmålsforma ulovleg. Stiftsdirektøren vil vente med å sende dei tilsette på kurs, og bruker også økonomiske argument for at det kan ta lang tid å innføre nynorsken. Vest-Agder Mållag svara med å love både praktisk og økonomisk hjelp, om det var dét saka stod om.

## Språkrådet

Arbeidet med omorganisering av Norsk språkråd har gått vidare. Det eksisterande styret og rådet vart lagt ned , og i juni 2004 sette Kulturdepartementet ned eit interimsstyre som skulle leie det vidare arbeidet med omorganisering. Interimstyret har i sin tur sett ned ei strategigruppe som skal utgreie strategiar for den nasjonale språkpolitikken. Strategigruppa er leidd av professor Gjert Kristoffersen, og skal leggje fram utgreiinga si seinast 1. september 2005.

Som del av omdanningsarbeidet har det vore spekulert på kva slags namn etterfylgjaren av Norsk språkråd skal ha. Departementet har kome fram til at namnet skal vere Språkrådet.

I ei høyringsfråsegn i april 2004 kom styret i Noregs Mållag med synspunkt på korleis det nye språkorganet bør fungere. Desse faktorane var viktige å presisere:

- det trengst ein lovbasis for språkorganet
- språkorganet må ha ei representativ organisasjonsform
- det må vere høve for språkorganet å kome med politiske utspel
- språknormering må vere eit sjølvsagt arbeidsområde
- språkorganet må fremje norsk som funksjonelt språk i alle samfunnsområde
- språkorganet må fremje jamstelling gjennom særleg tiltak for nynorsken
- det skal handsame spørsmål knytte til «språk i Noreg»
- det skal fremje rettane til språkbrukaren
- det skal fremje nordisk samarbeid om språkspørsmål
- det skal formidle norsk språk og språkpolitikk
- språkorganet må lokaliserast utanfor Oslo, helst Bergen, og knyte band til viktige brukarmiljø og fagmiljø

Noregs Mållag er for tida ikkje representert korkje i interimsstyret eller i strategigruppa. Ut frå departementet sitt tidlegare utgangspunkt om at eit nytt kompetansesenter skal ha ei «samfunnsforankring», er det grunn til å undre seg over at ein ikkje vil trekkje den største nynorskorganisasjonen med i omorganiseringsprosessen. Det er òg grunn til å stille seg kritisk til premissen om at den tradisjonelle målstriden er over.

## Stortingsvalet

På landsmøta i vår vedtek alle dei politiske partia nye politiske program i samband med at det er stortingsval til hausten. I spørsmålet om sidemålet i fjor vart formuleringane i eigne partiprogram viktige, når det galdt kva partia gjekk inn for i sluttfasen. Saka vart drøfta på landsrådsmøtet i august, og Noregs Mållag har sendt innspel om programformuleringar til alle partia unnateke Framstegspartiet.

Mållaget har prioritert desse sakene i innspela til partia:

- styrkje sidemålet gjennom framleis obligatorisk skriftleg undervisning og gjennom betre sidemålsopplæring.
- styrkje nynorsk som hovudmål gjennom systematisk arbeid i skulen og gjennom betring av lærarutdanninga på det feltet.
- syte for gode vilkår for nynorskelevane gjennom å sikre retten til nynorske læremiddel og ei god finansiering i høve til retten til å høyre til ei eiga parallellgruppe om ein har anna opplæringsmål enn det som er vedteke i

skulekrinsen.
- gje innvandrarar i nynorskområde eit tilbod om nynorskopplæring og utvikle gode læremiddel i nynorsk for innvandrarar.
- statleg finansiering av eit nynorsk leksikon på Internett.
- språkkrav knytt til offentlege innkjøpsordningar på IKT-området, slik at minst 25 prosent nynorsk lettare kan realiserast.
- det må byggjast opp ein norsk elektronisk språkbank med materiale både frå dialektar, nynorsk og bokmål.
- undervisningsspråket ved universitet og høgskular skal til vanleg vere norsk.
- Språkrådet må få tilført ressursar og ansvar for å styrkje norsk språk, mellom anna jamstellinga mellom nynorsk og bokmål.
- nynorske institusjonar og organisasjonar må få rammevilkår som styrkjer grunnlaget for drifta og dermed tryggjar bruken av nynorsk i samfunnet.
- lokalavisene må sikrast gode rammevilkår gjennom pressestøtta. Riks- og regionaviser med eit opplag på over 20 000 bør ha minst fem prosent eigenprodusert stoff på nynorsk for å få fullt mva-fritak.
- målet om minst 25 prosent nynorsk i NRK må stå ved lag, og gjelde i alle kanalar og programfelt.
- Nynorsk mediesenter bør bli ei sjølvstendig stifting med finansiering frå statsbudsjettet.

# Talemål og skriftmål

## Normering

Til liks med førre arbeidsperiode har Kultur- og kyrkjedepartementet hatt til handsaming normeringsvedtaket som nynorskseksjonen i Norsk språkråd gjorde 14. februar 2003. Noregs Mållag har fleire gonger etterlyst avgjerd i saka. I februar 2005 kunngjorde så Kulturdepartementet at det ikkje skulle skje endringar i nynorskrettskrivinga. Departementet var misnøgd med at Norsk språkråd ikkje gjekk inn for å oppheve skiljet mellom hovudformer og sideformer, slik det var gjort for bokmålet. Departementet meinte at dei innstrammingane Språkrådet gjorde for to år sidan, ikkje var nok for den stabiliteten nynorsk trong på sikt.

Noregs Mållag reagerte negativt på denne avgjerda. Mållaget peikte på at det store fleirtalet av nynorskbrukarar vil halde på normhierarkiet som læreboknormalen inneber. Nynorskbrukarane hadde såleis fortent ei avklåring og ei viss innstramming av normalen slik språkrådsvedtaket for to år sidan gjekk inn for. Noregs Mållag vart vidare provosert over synspunktet frå Kulturdepartementet om at høyringsfråsegnene i samband med nynorskrettskrivinga ikkje var representative nok. Det var mange språkorganisasjonar, institusjonar, forlag og omsetjarorganisasjonar som uttala seg, og Noregs Mållag hadde ein særs grundig prosess før ein formulerte sitt syn på landsmøtet. Alle organisasjonar og institusjonar hadde lik sjanse til å uttale seg, og saka var så mykje opp i ålmenta at ingen språkinteresserte kunne unngå å få henne med seg.

Det verkar som om Kulturdepartementet legg opp til at



*Internasjonalt utval var på studietur til Barcelona for å lære meir om katalansk språkstrid. På biletet: Gro Morken Endresen, Rolf Theil, Trond Trosterud og Gudrun Kløve Juuhl. Endre Brunstad, Tove Bull og Johannes Nymark var òg med. Foto: Brunstad*

eit nytt «normeringsregime» skal vurdere nynorskrettskrivinga på ny. Dermed kan ein få ny strid om rettskrivinga. Noregs Mållag har stilt spørsmål ved kva slags «normeringsregime» det er snakk om, og kva slags samfunnsforankring det regimet skal ha. Til no har Noregs Mållag, vore halde ute av prosessen med omdanninga av Språkrådet og av norsk språknormering.

## Stadnamn

I desember 2004 kom Kyrkje- og kulturdepartementet med ein odelstingsproposisjon der ein føreslo endringar i Lov om stadnamn (frå 1991). Endringane galdt særleg normering av skrivemåten av stadnamn. Departementet gjekk inn for at ein skulle avløyse «nedervd lokal uttale» med «den lokale talemålsforma av namnet» som normeringsgrunnlag. I tillegg kom departementet med endringsframlegg som gjekk ut på at stadnamnkonsulentane skulle inn seinare i prosessen og at ein i normeringa skulle leggje større vekt på synspunkt til grunneigarar enn til andre. Såleis tok departementet ikkje omsyn til dei synspunkta Noregs Mållag og dei fleste fagmiljø hadde kome med under høyringa tidlegare på året. Desse synspunkta var baserte på prinsippet om at stadnamn høyrer til fellesskapen og er verneverdige kulturminne.

Noregs Mållag tok opp stadnamnsaka med kulturministeren i møte 18. januar 2005. Dinest tok vi kontakt med kulturkomiteen på Stortinget. Mållaget sende fleire innspel til komiteen og andre politikarar, og peikte på kulturpolitiske, faglege og praktiske grunnar for å gå imot endringsframlegga til departementet. Mållaget markerte òg saka andsynes media.

I framlegget frå kulturkomiteen fekk Noregs Mållag gjennomslag på at «nedervd lokal uttale» skal vere normeringsgrunnlag for skrivemåten. For Noregs Mållag var dette det viktigaste poenget, og komiteen gjekk samla inn for vårt syn. Det er spesielt at jamvel regjeringspartia gjekk mot si eiga regjering her.

Sigeren vart likevel ikkje fullstendig. Fleirtalet i komiteen (alle partia med unntak av SV) gjorde nemleg unntak i spørsmålet om bunden og ubunden form av namn. Her blir det frå no av ikkje lagt vekt på den nedervde uttalen, men på «talemålet i dag». Dersom det er usemje om kva som er talemålsforma, skal synspunkt til grunneigarar tilleggjast «stor vekt». Denne snunaden representerer ei perspektivforskyving – frå å sjå på stadnamn som felles kulturarv til å sjå det som privat eigedom. Stortinget har med denne innstillinga lagt grunnlag for meir strid om stadnamnnormering i tida framover.

Departementet fekk vidare gjennomslag for ei svekking av det namnefaglege grunnlaget. Det er no ikkje plikt for kommunane å hente inn ei førebels tilråding frå namnekonsulentane. I staden kjem dei inn på eit seinare tidspunkt, etter at mykje av sakshandsaminga er gjord.

Det er verd å merkje seg at Noregs Mållag var åleine om å engasjere seg i stadnamnsaka i den avgjerande fasen fram mot stortingsvedtaket.

### Dialektar

Noregs Mållag sentralt har ikkje prioritert dialektarbeid dette arbeidsåret. Dialektperspektivet har likevel stått sentralt i ein del framstøyt som er gjorde, t.d. andsynes endringar i stadnamnlova og i arbeidet for å få meir dialekt og nynorsk i barne- og ungdomsprogram i NRK. I den samanhengen har Noregs Mållag argumentert for å flytte fleire fjernsynsproduksjonar ut frå Oslo, t.d. til Førde og Tromsø.

Noregs Mållag sende ut ei pressemelding der ein rosa TV 2 for dialektbruk. Pressemeldinga fekk god dekning, og leiaren var m.a. i radiodebatt med Finn-Erik Vinje om saka.

### På tvers

Telemark Mållag sette i 2002 i gang eit omfattande og nytt arbeid innanfor dialektinnsamling. Dei har samla nær 20 000 ord og uttrykk frå heile fylket, og innsamlinga er gjort av folk frå alle aldersgrupper. Innsamlinga kom ut i bokform hausten 2004; eit flott bok som heiter *På Tvers - ord og uttrykk frå Telemark.*

# Internasjonalt arbeid

I arbeidsperioden har internasjonalt utval hatt fleire møte og utvikla framlegg til internasjonalt program for Noregs Mållag. Framlegget vart sendt ut til høyring i organisasjonen seint på hausten 2004 for handsaming på landsmøtet i april 2005. Føremålet med programmet var å gje Noregs Mållag kunnskap om målsak som internasjonalt fenomen, vurdere arbeidet til Noregs Mållag i høve til internasjonale utviklingstendensar, gje standpunkt og kome med framlegg til tiltak.

I perioden 16.–10. oktober var internasjonalt utval på studietur til Barcalona. Utvalet hadde møte med studentar og lærarar ved Senteret for sosiolingvistikk og kommunikasjon, Universitetet i Barcelona, med Kongressen for Katalansk Kultur (Congrés de Cultura Catalana) og med Instituttet for katalanske studiar. Turen må seiast å vere særs vellukka. Han knytte nye kontaktar, og skaffa meir kunnskap om den katalanske målstoda. Utvalet meiner det vil vere strategisk rett for Noregs Mållag og Norsk Målungdom å utvikle eit nærare samarbeid med den katalanske målrørsla.

# Samskipnaden

## Lag og medlemer

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember.):

| | Medlemer | Endring | Tilgang | Fråfall† | Fråfall* |
|---|---|---|---|---|---|
| 1994 | 11 582 | - 144 | | | |
| 1995 | 10 820 | - 762 | | | |
| 1996 | 11 113 | 293 | 487 | -194 | |
| 1997 | 10 826 | - 287 | 566 | -853 | |
| 1998 | 10 852 | 26 | 691 | -665 | |
| 1999 | 11 046 | 194 | 775 | -581 | |
| 2000 | 11 001 | - 45 | 539 | -584 | |
| 2001 | 10 883 | - 118 | 476 | -594 | |
| 2002 | 10 588 | - 306 | 658 | -688 | -276 |
| 2003 | 10 329 | - 259 | 491 | -731 | -235 |
| 2004 | 10 141 | - 188 | 452 | -461 | -197 |

† Utmeldingar og avlidne
* Har ikkje fornya

Medlemstalet gjekk ned med 188 medlemer (1,9 prosent ) i 2004. Medlemstalet for 2004 er med det 10 141.

Det er registrert fødeår på 52,5 prosent prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 57,9 år, ein nedgang frå 58 år i førre årsmelding.

Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje betaler, blir ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og *Norsk Tidend* i tre år. Deretter blirdei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei blir sjølvsagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet. Det er no 11 870 namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer mellom anna tingarar på *Norsk Tidend*.

### Vervearbeidet

Både fråfallet og vervinga har auka i år. Det har vore eit fokus på verving i 2004, og frå 1. januar 2004 til 21. februar 2005 fekk vi 729 nye medlemer. Av desse har 550 betalt medlemspengar. Det var 103 medlemer som døydde i perioden. 452 melde seg ut aktivt.

Ein vervekampanje vart sett i september 2004, med avslutning til landsmøtet i 2005. 415 medlemer er verva i denne kampanjen til no. Dei som blir verva i kampanjen, betalar 200 kroner i medlemspengar fyrste året. Det vart produsert eit nytt flygeblad til kampanjen, «Vi har ikkje




*Mållaga på Agder skipa til kampanjeveke for nynorsk i Kristiansand. Veka var i september og dei fekk god oppslutning om krava.* *Foto: Tor Hallvard T. Mosdøl*

eitt ord å miste». Ein del lokallag har gjennomført eigne vervetiltak i samband med kampanjen. Utanom bondeungdomslaga er det Ål og Torpo Mållag som har det beste resultatet, med 37 nye medlemer. Diverre har for få lokallag hatt vervekampanje. Det er synd, for vi ser at lokale kampanjar gjev godt resultat.

Lokallaga har jamleg fått tilsendt oppdaterte medlemslister for å kunne følgje med på vervinga.

## Lokallag og fylkeslag

For 2004 mottok skrivarstova årsmelding frå 126 lag og 17 fylkeslag. For 2003 var tala 128 og 16. Somme aktive lokallag sender ikkje inn årsmelding, noko som gjer at dei ikkje får nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Likevel er det dramatisk at så mange lag ikkje leverer årsmelding.

I perioden er det starta arbeid med oppattskiping av Hå Mållag.

Ni lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag (eitt lag færre enn før). Norskdomslaget i Porsgrunn har vedteke å melde seg ut av Noregs Mållag med verknad frå 2005.

## Studiearbeid og leiartrening

Noregs Mållag er ein av 23 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet. I 2004 hadde vi registrert 289 studietimar, fordelt på ti kurs i sju ulike lag. I 2003 hadde vi 406 studietimar. Det er framleis slik at det meste av studiearbeidet som går føre seg i laga ikkje blir rapportert inn til Folkekulturforbundet. Det har vore sendt ut innmeldingsskjema for studieringar og studietiltak til laga. Det har ikkje vore laga nye studieplanar i perioden.

Leiartreningskurset frå førre arbeidsår har ikkje vore følgt opp med nye, særlege tiltak dette året.

## Aksjonsdag for sidemålsordninga

Laurdag 8. mai skipa Noregs Mållag til aksjonsdag for sidemålet. Felles parole for dagen var «Stogg åtaket på sidemålet - stø nynorsk! Målfolk frå heile landet rapportere om ein flott aksjonsdag. Til dømes hadde Nidaros Mållag plakatbukkaksjon på Nordre. Gol Mållag delte ut flygeblad i Gol sentrum og Studentmållaget i Oslo og Oslo Mållag stilte med banner og fingermaling, så folk som gjekk forbi kunne gje eit handslag for sidemål. Skrivarstova i Oslo har ikkje full oversikt over kor mange lag som faktisk brukte aksjonsdagen til å aksjonere for sidemålsordninga. Ein trur at opp mot 50 lokallag skipa til aksjonar i løpet av mai. Tidlegare på våren vart det trykt opp flygeblad i 10 000 eksemplar. I framkant av aksjonsdagen var dette opplaget oppbrukt. Det vart difor trykt eit andreopplag på 4 000 flygeblad. I tillegg vart det prenta ein eigen plakat til aksjonsdagen med slagordet: «Stogg åtaket på sidemålet - stø nynorsk!».

## Aksjonsdag i Kristiansand

Mållaga på Agder og Mållaget i Kristiansand skipa til ei nynorsk aksjonsveke i byen 8. - 11. september 2004 med fargerik vervegiro og opprop for meir nynorsk i byen. Det var Nynorsk bar om mediemålet i Fedrelandsvennen, aksjonar i Markens og på Høgskolen i Agder, og Blåmannstund med Inger Lise Stulien på Wilds Minne skole.

I 2004 vart det liv att i Studentmållaget i Kristiansand etter eit samarbeid mellom Mållaget i Norsk Målungdom.

## Landsmøtet 2004

Landsmøtet vart halde i Ålesund i dagane 23. – 25. april. Det var påmeldt totalt 189 utsendingar, observatørar og gjester, og det møtte 147 med røysterett.

Det var sidemålet som stod i fokus under landsmøtet. Det kom til uttrykk alt to timar før landsmøtet med gatekonsert med Side Brok og appellar for kring 500 tilskodarar i gågata. Anders Folkestad innleidde i år til hovudemnet Nynorsk og skulepolitikk. Håvard Teigen innleidde om Nye regionale strategiar for målarbeidet; ein smakebit frå tankar regionaliseringsutvalet hadde gjort seg til då.

Det var parallelle seminar med innleiingar om ulike politiske arbeidsfelt sundag morgon. Seminara har synt seg populære blant landsmøteutsendingane og har med kvart vorte ein tradisjon.

Oppteljinga av medieoppslag i etterkant av landsmøtet synte 182 oppslag, mot 159 i Grimstad året før, 167 i Oslo og 193 på Bryne. Det skapte nok ein del ekstra presseoppslag at både leiar, nestleiar og målprisvinnaren var frå fylket der landsmøtet vart arrangert.

## Regionaliseringsutval

På landsmøtet i 2003 bad landsmøtet styret om å setje ned eit regionaliseringsutval. Det vart òg laga eit mandat for utvalet som ein kan finna som vedlegg til arbeidsprogrammet for siste år. Utvalet har hatt to fysiske møte og nokre telefonmøte. Det leverte ei innstilling i november 2004 som har vore på høyring i organisasjonen vinteren 04/05.




*Under landsmøtet i Ålesund var det gatekonsert med Side Brok og appellar i gågata i Ålesund. Det var kring 500 tilskodarar i til konserten og appellane for sidemål.*

Innstillinga tek føre seg oppbygginga av Noregs Mållag og har særskilt peikt på ein del moment ved den regionale organiseringa.

## Evaluering av organisasjonssatsinga

Saka om ei ekstra målretta satsing på organisasjonsbygging kom opp etter fleire rundar i Mållaget der ein vurderte organisasjonen og moglege betringar som kunne gjerast. Ein av veikskapane som stadig vart oppsummert, var ei negativ utvikling i aktivitet, og mangelen på folk til å ta på seg verv på alle nivå. Det vart òg oppsummert at tida ikkje strekkjer til for tillitsvalde til å ta det lyftet for organisasjonsvokster som mange meinte trongst.

Det resulterte i eit framlegg om å auke medlemspengane slik at økonomien tillet å tilsetje reiseskrivarar i organisasjonen. Det var frå starten ein tanke om at reiseskrivarane skulle ha kontor «ute i organisasjonen», ikkje ved skrivarstova i Oslo.

Landsmøtet i 2001 vedtok ein medlemspengeauke på 40 kroner, som skulle øyremerkjast organisasjonssatsinga. Det skulle tilsetjast ein reiseskrivar i 50 prosent stilling med kontorstad i Bergen og ein i 50 prosent stilling som kunne ha kontorstad i Oslo eller ein annan tenleg stad. Prosjektet skulle vare i tre år, med start 1. januar 2002. Styret fekk i oppdrag å kome attende til landsmøtet med ei evaluering av satsinga.

### Målsetnader

På landsmøtet i 2001 vedtok ein i arbeidsprogrammet desse hovudmåla under samskipnaden. Sjå elles arbeidsprogrammet for 2001 – 2004. Vedtaket vart gjort som ei konkretisering av den satsinga som det same landsmøtet hadde synt vilje til å slutte seg til.

3 ***Samskipnaden***
*Hovudmål 2001-2004:*
*- styrkja rekrutteringa av aktive lagsfolk, særleg i aldersgruppa 25-40 år*
*- auka medlemstalet til 13 000 i 2004*
*- auka talet på fungerande lokallag med 5 prosent årleg*
*- vurdera rolla til fylkeslaga med sikte på ei styrking av denne organisasjonslekken*
*- tredobla talet på registrerte studietimar i samskipnaden*
*- styrkja og vidareutvikla yrkesmållaga gjennom nye metodar for nettverksbygging*
*- gjere Internett og elektronisk informasjonsutveksling til ein integrert del av verksemda på alle nivå i samskipnaden og til den primære informasjonskanalen*

Sjå reiselister og medlemsstatistikk/-utvikling bak i årsmeldinga for detaljert oversyn på desse områda knytt til arbeidet.

### Prioriteringar av arbeidet

Styret la alt hausten 2001 opp til ei arbeidsform der fylkeslaga skulle søkje om å få bruke reiseskrivarane til prosjekt dei ønskte å gjennomføre. I heile prosjektperioden har det kome inn konkrete planar til reiseskrivaren frå to fylkeslag. Styret har difor måtta gjere prioriteringar ut frå andre kriterium enn søknader frå laga.

Styret peikte særleg på desse områda for vervearbeidet: lærarstudentar, lærarar, mediestudentar og unge vaksne. Såleis prioriterte styret at reiseskrivaren skulle arbeide knytt til lag og utdanningsinstitusjonar i Volda og i Bø i Telemark i oppstarten. Seinare skulle ein ta til med arbeid i Troms og Finnmark og dinest også i Trøndelag.

Det har delvis vore lite samsvar mellom dei planane som styret har vedteke for stillinga, og det som faktisk har vore utført. Det skuldast m.a. at det er vanskeleg å lage detaljerte planar for organisasjonsbygging. Organisatorisk vekst er



avhengig av einskildpersonar som blir motiverte til å gjere ein innsats. I tillegg vil resultata av arbeidet i stor grad hengje saman med kva for saker lokal- og fylkeslag oppfattar som viktige. At planane har vorte endra undervegs er også eit resultat av vantande detaljkjennskap til organisasjonen ved oppstarten. Slik sett er det bra at det har vore rom for justeringar i kjølvatnet av meir inngåande drøftingar om oppgåver saman med dei aktuelle fylkeslaga.

Med utgangspunkt i dei vedtekne hovudmåla for organisasjonen i perioden, er det varierande resultat. Det er positive tendensar å sjå når det gjeld fungerande lokallag og rekrutteringa av unge vaksne. Også når det gjeld bruken av elektronisk informasjonsutveksling har Mållaget styrkt seg i perioden. Det vart sett ned eit regionaliseringsutval for to år sidan som m.a. skulle vurdere fylkeslekken. Landsrådet hadde òg fylkeslekken som drøftingssak på eitt møte i perioden. Medlemstalet har diverre gått ned i heile prosjektperioden. Det same gjeld talet på studietimar. Likevel kan ein seie at Noregs Mållag har hatt større stabilitet i medlemstalet dei siste åra enn andre friviljuge organisasjonar. Det er også å vone at organisasjonsarbeidet vil gje resultat også på desse områda, på litt sikt.

## Regionale resultat

### Agder

Hovudsatsingsområde dei 2,5 åra vi har hatt satsing har vore: (1) Gjere satsinga og målsetnadene kjende i laga, (2) Evje og Hornnes-kampanjen, (3) oppfølging av Setesdalsregionen og Indre Agder, (4) Skulemål og skiping av lag i Kvinesdal, (5) Kampanje i Kristiansand, (6) Fylkesårsmøta, (7) Årsmøte og medlemsmøte i laga, (8) Sidemål, (9) Barnekultur (blåmannkveldar og bokklubbverving), (10) Sidemål og (11) Landsmøtet i Grimstad i 2003.

Hausten 2002 vitja reiseskrivaren mellom anna 14 av 24 lag på Agder for å bli kjent med dei og orientere om organisasjonssatsinga. Dei fleste laga fekk denne hausten støtte frå reiseskrivaren til verving av medlemer til lokallaget og til Blåmann Barnebokklubb.

AU valde difor å prioritere strengare mellom ulike stader og emne. Både reiseskrivaren og AU har difor nytta store delar av arbeidskrafta på ein kampanje i Evje og Hornnes, der kravet vårt er at kommunen skal vere ein nynorskkommune. I dag er kommunen språknøytral. Vi har lagt eit godt grunnlag for det vidare arbeidet i Evje og Hornnes, sjølv om vi enno ikkje har fått gjennomslag for dette konkrete målet.

Andre viktige saker i 2003 var landsmøtet i Noregs Mållag i Grimstad, røystinga i Mykland, striden om administrasjonsmålet i Åmli, parallellklassearbeidet i Kristiansand og lagsbygginga i Kvinesdal.

Arbeidsutvalet (AU) har i 2004 i stor grad halde fram dei prioriteringane som vart utforma i 2003. Målet var å i større grad få fokus over frå forsvarsarbeid til offensivt arbeid for meir nynorsk på Agder. Reiseskrivaren har nytta mest arbeidstid på kampanjen i Evje og Hornnes / Indre Agder, haustseminaret på Evjemoen 6.-7. november og målarbeid i Kristiansand og ved Høgskolen i Agder.

### Vestlandet

Fylkeslaga på Vestlandet har i perioden hatt nåme nær same arbeidsprogramma, dvs at skulemål, næringsliv, barnekultur



*Laurdag 8. mai skipa Noregs Mållag til aksjonsdag for sidemålet. Gloppen Mållag og Firda Målungdom hadde flygebladaksjon i Sandane sentrum. Både unge og eldre var representerte! Frå venstre Sindre Humberset, Hanne-Karin Sunde, Anne Stine Husevåg, Kåre Holvik og Karoline Råd.* *Foto: Hege Lothe*

(Blåmann) og verving har vore dei sentrale tiltaka i arbeidsprogramma. Hordaland og Sogn og Fjordane hadde særskilde ønske om å arbeide med oppattskiping av nedlagde/sovande lag. I perioden vart Naustdal Mållag, Husnes Mållag, Masfjorden Mållag og Askøy Mållag sette i gang att etter fleire år i dvale. I Askøy og Naustdal har reorganiseringa ført til dobling av medlemstalet i båe laga.

Sogn og Fjordane Mållag drog i fyrste venda i gang kampen for NRKs distriktskontor i Førde. Attåt har det vore gjennomført reiserundar for å prøve å få i gang aktivitet/lokallag på nye stader i fylket.

Sunnmøre Mållag var i gang med nytt styre, men av ulike grunnar var aktiviteten der etter måten låg fram til slutten av prosjektperioden.

I perioden april 2002 til november 2003 var vestlandsskrivaren på 42 møte med lokallag, fylkeslag, lagssamlingar og årsmøte (sjå reiserute). I tillegg var han på mange møte som galdt skulemål spesielt. På møta var dei fire ovannemnde tiltaka faste punkt på kvart møte. For perioden desember 2003- desember 2004 har vi diverre ikkje presise tal for lagsvitjingane.

I den treårige prosjektperioden har det vore fire skulemålsrøystingar i omlandet kring Bergen. Såleis har det vore sett inn naudsynte ressursar til det arbeidet frå både skulemålsskrivar og vestlandsskrivar.

Av nye tiltak arbeidde vestlandsskrivaren særleg andsynes Bergen for å mobilisere til offensiv skulemålsrøysting i Bergen sentrum. Eit slikt tiltak krev meir arbeid over tid og meir lokal støtte.

**Resten av landet**

***Telemark.*** I Telemark har reiseskrivaren følgt opp Telemark Mållag sine initiativ for å få nytt liv i mållag i fylket. Telemark Mållag organiserte i januar 2003 ein reiserunde i etterkant av ein vellukka vervekampanje i 4 kommunar for å starte opp att lokallaga. Det var Hjartdal, Fyresdal, Nissedal og Drangedal kommunar. Føremålet med møta var å få drege i gang arbeidet med å få til nye styre og meir aktivitet. Reiseskrivaren innleidde på alle møta om kvifor nynorsk, kvifor organisera seg og om aktuelle aktivitetar i mållaget for tida. Hausten 2003 var det medlemsmøte i Nissedal, Fyresdal og Notodden/Heddal. Det er no interimstyre i Fyresdal. I Drangedal og Nissedal har ein fungerande styre. Det har ikkje lukkast å få fart på laga i Notodden og Hjartdal.

Reiseskrivaren har prioritert å arbeide saman med lokal- og fylkeslag med saker og stader som båe partar tykkjer er viktige. Såleis vart reiserundane i Vest-Telemark prioritert framføre arbeid i Bø og ved høgskulen der, slik styret hadde sett opp som prioritering.

***Sunnmøre.*** På Sunnmøre har reiseskrivaren i samarbeid med vestlandsskrivar Ingar Arnøy følgt opp fylkeslaget for å få i gang att arbeidet i styret. Reiseskrivaren hjelpte til med fylkesstyremøte og årsmøte på nyåret 2004. Det vart også gjennomført to dagar med verving på Høgskulen i Volda i august 2003, noko som resulterte i eit nytt studentmållag her. Våren 2004 var det landsmøte i Ålesund, ei lokalisering styret valde i von om at det kunne vere med på å styrkja arbeidet i området.

***Troms og Finnmark.*** I Troms og Finnmark har fylkeslaget laga reiseruter slik at reiseskrivaren har fått vitja nesten alle laga to gongar i perioden. I tillegg har reiseskrivaren hatt møte med lærarar og mange timar med målferd på ymse vidaregåande skular. Dette arbeidet kunne hatt klårare retning. Det er vanskeleg å sjå at målferd på vidaregåande skular fører til organisatorisk vekst.

## Ålmenne vurderingar

**Forankring av stillingane og arbeidstilhøve**

Det har vore prøvd ut ulike modellar for dei ulike reiseskrivarstillingane. På Agder har skrivaren hatt kontorstad i Oslo, samstundes som forankringa har vore sterk lokal, med eit eige arbeidsutval på Agder som har hatt ansvaret for utmeisling av planar og oppfølging av arbeidet. På Vestlandet hadde reiseskrivaren kontorstad i Bergen, men ein noko veikare forankring lokalt i høve til oppfølging av arbeidet. Alle stader har stillingane vore 50 prosent, og det er viktig å ha med seg i vurderinga av kva som har vore utretta.

Styret ser at det i seg sjølv kan ha vore problematisk med kontorstad utanfor Oslo, fordi det isolerer stillinga frå dei andre tilsette på skrivarstova og gjev reiseskrivaren færre å spele ball med i det daglege arbeidet. Det gjer også oppfølginga av arbeidet vanskelegare for dagleg leiar. I tillegg er det sosialt viktig å vere ein del av ein dagleg fellesskap.

Det er også lett å sjå i ettertid at det har vore utslagsgjevande for eit godt og målretta arbeid på Agder, at ein har hatt så sterk struktur lokalt for planarbeidet og oppfølging av tiltaka. Éin nøkkel til å lukkast er nok at det finst eit sterkt eigarforhold til prosjekta som skal gjennomførast i dei fylka og laga som held til i området. Det var aldri intensjonen at reiseskrivarane skulle dra lasset åleine, men det kan fort bli resultatet om ein set i gang prosjekt som organisasjonen ikkje har ønskt å arbeide med eller reknar som viktige.

På Vestlandet var det nok også uheldig for organisasjonsarbeidet at ein kombinerte vestlandsskrivarstillinga med skulemålsskrivarstilling. Skulemålsarbeidet dreier seg i stor grad om defensive røystingar og er såleis arbeid vi sjølv ikkje styrer tidspunkta for. På same måte har det nasjonale åtaket på sidemålet ført til at marknadsføringa av positive sidemålsforsøk (Åndalsnesmodellen) har måtta prioriterast framføre organisasjonsbygging på Vestlandet. Midt i prosjektperioden vart det eit skifte av vestlandsskrivar, noko som var med å prega arbeidet med ny opplæringstid og «brot» i kontinuiteten.

**Gjennomføring av prosjekt**

Ved oppstarten av satsinga var organisasjonen tydeleg på at det ikkje var fylkesskrivarar ein skulle ha – i tydinga hjelp til kontorfunksjonar og meir tilfeldige oppgåver som måtte kome på undervegs. Målet med stillingane var å få initiert nye prosjekt som fylkes- og lokallag ikkje hadde ressursar til å arbeide med sjølve, eller prosjekt der dei trong hjelp til å få på plass ein fornuftig strategi for arbeidet og ei konkretisering av gjennomføringa.

I ettertid har det kome opp ein del merknader frå organisasjonen som nettopp handlar om at reiseskrivarane ikkje har følgt prosjekta godt nok opp. Styret har teke dei synspunkta på alvor og vil ha det med i planlegginga av

framtidig arbeid.

Det avgjerande må til sjuande og sist vere at prosjekt ein set i gang, lukkast og fører til både politiske resultat og organisatorisk vokster. Om det krev at reiseskrivarane er med i heile prosessen, bør ein prioritere det – og heller innsjå at ein må konsentrere seg om færre oppgåver enn opphavleg tenkt.

**Vervearbeidet**

Organisasjonen gjekk inn i prosjektet med høge mål om at medlemstalet i Noregs Mållag skulle aukast med om lag 2000 i treårsperioden. I staden har medlemstalet gått ned med 752 medlemer, ein nedgang på 6,9 prosent .

Om ein ser på dei fylka der det har vore reiseskrivar i perioden, har dei (Agder, Vestlandet, Telemark, Troms og Finnmark og Sunnmøre) samla gått ned med 449 medlemer, ein nedgang på 6,5 prosent . Sjølv om nedgangen samla er mindre enn på landsbasis, er det så marginale skilnader at det ikkje er grunnlag for å trekkje konklusjonar om at satsinga har spelt ei viktig rolle i vervearbeidet.

Dersom ein bryt opp tala ned på lokallagsnivå, får ein meir informasjon om viktige mekanismar. Det er jamt over einskildlag med gode verveaksjonar som har vore avgjerande for om eit fylkeslag år om anna har hatt vekst i medlemstalet samla. Normalsituasjonen for laga vore er at det store fleirtalet held seg stabile eller går ned med ein eller to. Det tyder på at over alt der ein er i stand til å få til ein god aksjon med verving som hovudmål, er der eit stort potensial for vekst. Slike aksjonar burde kunne få eit auka omfang med den «rette» innsatsen frå ein reiseskrivar.

## Den vidare satsinga

Landsmøtet i 2003 vedtok at den auka medlemspengesatsen skulle gjerast fast, og at pengane skulle øyremerkjast organisasjonsbygging. Landsmøtet valde å la det vere ope kva form organisasjonsbygginga skulle få i framhaldet av det treårige prosjektet.




*Are Kalvø fekk målpris på landsmøtet* 2004.

Styret konstaterer at dei eksisterande fylkeslaga i dag manglar røynleg medansvar og forpliktande avtalar. Likeins manglar dei tilstrekkelege ressursar. Desse manglane har i sin tur ført til ansvarspulverisering. I så måte seier styret seg samd i ein del av problemidentifiseringa hjå regionaliseringsutvalet. Styret byggjer her òg på røynslene frå organisasjonssatsinga. For å løyse samordningsproblemet, er det trong for meir forpliktande ordningar og avtalar mellom sentrallekken og det regionale nivået; i tillegg er trengst det ressursar.

I november 2004 vedtok styret nokre retningsliner for arbeidet frametter. Styret har m.a. omorganisert noko, slik at ein av reiseskrivarane har koordineringsansvar for alle prosjekt i heile landet. Det vil vonleg gje best mogleg oversyn sentralt over kva former for arbeid som gjev gode og mindre gode resultat. Etter at innstillinga frå regionaliseringsutvalet er handsama i organisasjonen, må ein sjølvsagt vurdere saka på nytt.

Styret har i arbeidet teke omsyn til og prøver heile tida å dra lærdom av røynslene ein har fått til no, når kursen framover blir drøfta og staka ut.

**Materiell produsert for fylka i perioden**

Det er laga eigne verveflygeblad for områda Troms- og Finnmark, Nordmøre, Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder og Hallingdal.

I tillegg er det laga fleire flygeblad for meir konkrete aksjonar på Agder.

# NMU-saka

Saka om medlemsjuks i Norsk Målungdom vart rettsleg avslutta i arbeidsåret. Ankesaka var oppe for Borgarting lagmannsrett i august og alle fekk nedsett straffa si monaleg jamført med domen frå Oslo tingrett. Dei dømde har sona fengselsstraffa si og såleis gjort opp for seg overfor samfunnet.

Styret i Noregs Mållag laga til ein rapport om NMU-saka som vart lagt fram for landsmøtet i Ålesund i 2004, og som vart handsama der. Ein av konklusjonane i rapporten var at det trengst å analysere målpolitiske lineskifte og organisasjonskultur i Målungdomen på 1980- og 90-talet. Styret har arbeidd med programmet for eit slikt seminar i perioden.

Norsk Målungdom fekk fyrst avslag på søknaden om statsstøtte hausten 2004, fordi Fordelingsutvalet etter ein grundig kontroll hevda at NMU truleg ikkje hadde mange nok medlemer til å stette kravet til støtte. Målungdomen klaga på avgjerda og dokumenterte medlemskapen for dei personane der Fordelingsutvalet hadde trekt han i tvil. Etter ein lengre prosess fekk Målungdomen medhald og har med det fått driftsløyving frå og med 2004. Det er no ingen grunn til å tvile på medlemstala i ungdomsorganisasjonen vår. Dei har etter alt å døme vore gjennom ein grundigare kontroll enn dei fleste andre ungdomsorganisasjonar dei siste åra.

Norsk Målungdom har også fått ein avtale til å leva med om attendebetaling av dei nær tre millionar kronene som tidlegare urett er utbetalt i statsstøtte. Dei økonomiske rammene vil vere tronge dei neste åra, men Målungdomen ser ut til å ha berga seg gjennom krisa, noko Noregs Mållag er særs glad for.

# Informasjons- og mediearbeid

## Pressearbeid

Landsmøtet i Ålesund peikte ut sidemålssaka som den mest aktuelle kampsaka for Mållaget. I første omgang var det viktige vedtak i Stortinget om sidemål tidlegsommaren 2004, medan heile hausten har vore prega av mediearbeidet knytt til den såkalla prøveordninga i Oslo. Begge sakene har vore viktige for Noregs Mållag, og strategien har vore at jamsides med at det blir gjort grundig politisk påverknadsarbeid, har ein prøvd å få fram gode saker i media.

Spørsmålet om sidemålsundervisning skal vere obligatorisk sidemål eller ikkje er eit klart politisk spørsmål. Problemet med informasjonsarbeidet startar når den politiske prosessen vert innfløkt med mange framlegg, samleframlegg og såkalla kompromissframlegg. I denne fasen blir det vanskeleg å få journalistane til å skrive om sidemålssakene.

Det har også vore andre meir regionale mediesaker som skrivarstova har arbeidd fram eller hjelpt til med. Nokre døme på slike saker har vore: Saka om retten til opplæringsmål ved overgangen frå klasse til gruppe som enda i søksmålet mot Sandnes kommune i Rogaland. Saka om målbruk i regionale helseføretak som til dømes Helse Sør og Helse Vest. Saka om at Agder bispedøme måtte skrive nynorsk.

I tillegg har det vore nokre pressesaker som er offensive og positive for mållaget og nynorsken. Døme på dette er flotte pressemeldingar der mållaget har skrytt av dialektbruken i TV 2 og gjeve ros til Posten for at det blir laga heile 10 nynorskfrimerke i 2005.

## Mediekurs

På landsmøtet i Ålesund vart det laga eit eige seminar om kommunikasjonsstrategiar. Dette var eit kurs som handla både om kva slag argumentasjonsteknikkar vi brukar og korleis vi skal nytte dei i høve til arbeid mot pressa. Det var Elin Lerum Boasson som held seminaret og kurset hadde mange deltakarar og var godt motteke. Ho deltok også på haustseminaret på Agder med same kurset.

## *Nytt om nynorsk*

*Nytt om nynorsk* er meldingsbladet til Noregs Mållag. Meldingsbladet er 10 år. Det blir sendt ut til tillitsvalde i organisasjonen. I perioden har det blitt laga to *Nytt om nynorsk*. Desse kom ut etter landsmøtet våren 2004 og hadde fokus på sidemålskampanjen og arbeidet knytt til sidemålssaka. Hausten 2004 og våren 2005 har det ikkje kome ut nokre nye nummer av *Nytt om nynorsk*.

## Materiellproduksjon

Hovudkampanjen våren 2004 var materiellkampanjen «4-2=5». Profilen for denne kampanjen vart utarbeidd saman med eit reklamebyrå, og vart brukt i sidemålskampanjen heile våren. Materiellproduksjonen var både eit flygeblad, eit klistremerke, annonsekampanje knytt til eit opprop og ein plakat. Flygebladet vart trykt opp i eit stort opplag og spesielt på landsmøtet i Ålesund var det ein eksplosjonsarta etterspurnad frå lokallagsaktivistane.

Hausten 2004 sette Mållaget i gong ein vervekampanje i samband med denne kampanjen vart det laga eit flygeblad med kampanjetittelen, «Ikkje eitt ord å miste». Opplaget var på 8 000 eksemplar. Astrid Myhre frå Vennesla Mållag lanserte slagordet «Ikkje eitt ord å miste» på landsmøtet i Ålesund.

I løpet av året har både fylkeslaga i Rogaland, Sogn og Fjordane og Buskerud lagde eigne flygeblad. Buskerud Mållag sitt flygeblad var retta inn mot folk i Hallingdal. Dette prosjektet er eit spleiselag mellom sentrallekken og fylkeslaga. Året før vart det laga lokale flygeblad i Troms og Finnmark, Aust- og Vest-Agder, Nordmøre, Hordaland og Romsdal.

I september laga Mållaga på Agder ein kampanje for nynorsk i Kristiansand og på Agder. Dei laga eigne flygeblad og plakatar til denne kampanjen.

## Pressearbeid knytt til landsmøtet

Observer registerte 182 treff før, under og etter landsmøtet. I fjor i Grimstad var det 159, Oslo i 2002 var det 167 treff, på Bryne var det 193, medan det i Bergen i 2000 var 270 treff. I 1999 var det 155 treff. Oppslaga var delt mellom aviser, radio, TV, nettaviser og tekst-tv. Observer meiner dei klarer å fanga opp om lag 80 prosent av oppslaga i media.

Av dei 182 klyppa var det i underkant av 100 notisar med eller utan bilete. Det var om lag 30 artiklar med bilete. Dessutan var det eitt innslag om sidemålsmarkeringa med Side Brok på NRK Møre og Romsdal og tilsvarande oppslag på Dagsrevyen fredag kveld. I tillegg var det meldt på Dagsnytt at Endre Brunstad tok attval, at Hilde Kvalvaag fekk Nynorsk barnelitteraturpris og at Are Kalvø fekk Målpris. NRK Møre og Romsdal tok fleire saker; mellom anna ein debatt om Ålesund skal vere nynorskby, sak om at Helse Nordmøre og Helse Romsdal ikkje følgjer mållova, medan Helse Sunnmøre er flinke og oppslag med Geir Grav som fekk målblome. Torill Tørjesen var i radiodebatt med Kristin Clemet i Søndagavisen. Både NPK og NTB hadde ei bra dekking av landsmøtet i år.

Vi laga i år landsmøtesaker med lokal vri, i år med tittelen; Kampvilje i mållaget. Vi fekk mellom anna eit bra oppslag i Østlandets Blad, og det var i seg sjølv veldig flott. I tillegg fekk vi oppslag i sju andre aviser.

Det er tydeleg å merke at i Ålesund og på Sunnmøre er det knytt ein del interesse til målsaka. Under dette landsmøtet i Ålesund var det lettare å nå ut i pressa. NRK Møre og Romsdal var interessert i kva vi heldt på med og det var til god hjelp for oss i resten av NRK-systemet. *Sunnmørsposten* hadde ei særs brei og god dekking av landsmøtet og også anna lokalpresse følgde opp landsmøtet. Vi fekk eit oppslag i Dagsrevyen fredag kveld, og det er sjeldan kost i samband med landsmøta til Noregs Mållag. Både leiar, nestleiar og målprisvinnar til dette landsmøtet var frå Møre og Romsdal, og det skal heller ikkje undervurderast når det gjeld merksemda frå media i fylket.

Vi opna landsmøtet med sidemålsaksjon og Side Brok

og det gav merksemd til landsmøtet. Det er også lett å sjå at Are Kalvø er ein populær mann og særs mange aviser som elles ikkje skriv om oss i det heile, melde om denne mål-prisutdelinga. NTB lagde eit eige intervju med Are Kalvø i etterkant av landsmøtet, der inngangen var at no hadde han fått målpris frå mållaget.

På førehand var vi klare på at vi ville få sidemålssaka fram som hovudsak på landsmøtet. Dette lukkast vi godt med. Sidemålssaka vart brukt i oppsummeringspressemeldinga etter landsmøtet og den kom med mange stader og den kom med i avisene. I tillegg at også fleire punkt på landsmøteprogrammet hadde dette fokuset.

## Målkontor i Gloppen

I august 2003 opna Noregs Mållag eit eige målkontor i Gloppen. Det var ei desentralisert løysing med Hege Lothe, informasjonskonsulent og redaktør i *Norsk Tidend*. Styret har så langt ikkje evaluert ordninga fordi Hege Lothe gjekk ut i permisjon etter eit knapt år.

## Presseklypp

Noregs Mållag har som tidlegare år betalt for ei eiga klypp-teneste. Observer Noreg går gjennom aviser, Internett, nyhendebyrå, radio, tekst-tv, tidsskrift og fjernsyn og sender dagleg alle klypp som inneheld nokre stikkord som er av interesse for målrørsla, til skrivarstova. I arbeidsåret er samarbeidet med Nynorsk kultursentrum og Landssamanslutninga av nynorskkommunar ført vidare, slik at desse føretaka har ein felles klyppavtale. Ordninga for presseklypp er slik at Nynorsk kultursentrum arkiverer dei orginale medieklyppa medan Noregs Mållag tek vare på dei ein avgrensa periode. LNK og LNK-nytt får kopiar av medieklyppa.

**Presseklypp frå Observer**

| | 2004 | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 |
|---|---|---|---|---|---|
| Januar | 378 | 188 | 230 | 463 | 215 |
| Februar | 408 | 279 | 182 | 264 | 391 |
| Mars | 628 | 324 | 228 | 381 | 446 |
| April | 584 | 396 | 346 | 374 | 263 |
| Mai | 364 | 209 | 273 | 324 | 288 |
| Juni | 348 | 275 | 219 | 476 | 391 |
| Juli | 154 | 137 | 112 | 362 | 339 |
| August | 167 | 150 | 147 | 350 | 485 |
| September | 457 | 328 | 171 | 292 | 472 |
| Oktober | 456 | 297 | 437 | 259 | 411 |
| November | 323 | 341 | 258 | 389 | 359 |
| Desember | 269 | 359 | 122 | 260 | 195 |
| **Samla** | 4 536 | 2 725 | 4 194 | 4 255 | 3 085 |

Denne statistikken syner ikkje kva oppslag som gode oppslag og kva som er mindre gode. Han gjev berre eit generelt bilete av kor mange saker det blir laga der nynorsk, sidemål, Noregs Mållag, Ivar Aasen, Aasentunet, Landssamanslutninga for nynorskkommunar eller Norsk Målungdom er nemnde.

## Pressemeldingar

Ein viktig del av pressearbeidet er å senda ut aktuelle pressemeldingar. Desse vert sende til om lag 180 redaksjonar og journalistar over heile Norge. Noregs Mållag sende frå 07.02.2004 til 03.03.2005 ut 36 pressemeldingar. Det er ein framgang frå i fjor.

- Kultur-opprop for sidemål, 13.02.2004
- Overrekking av sidemålsopprop! 01.03.2004
- Brei støtte for sidemål! 02.03.2004
- Krigserklæring frå Clemet, 26.03.2004
- Merkeleg sidemålutspel frå Clemet! 26.03.2004
- Stor nynorsksiger for elevane! 29.03.2004
- No vert det mindre sykdom! 30.03.2004
- Regjeringa med åtak mot sidemål, 31.03.2004
- Svak sidemålssøknad frå bystyret i Oslo, 15.04.2004
- Endre Brunstad tek attval i Noregs Mållag, 19.04.2004
- Gatekonsert for nynorsk! 20.04.2004
- Innbyding til presselunsj, 22.04.2004
- Nynorsk litteraturpris til Jon Fosse, 23.04.2004
- Nynorsk barnelitteraturpris til Hilde K. Kvalvaag 23.04.2004
- Målblome til Geir Grav og Torill Tørjesen, 24.004.2004
- Nynorsk på Gardemoen, 24.04.2004
- Målpris til Are Kalvø, 24.04.04.
- Styrk sidemålsopplæringa! 25.04.2004
- Endre Brunstad attvald som leiar i Mållaget, 25.04.2004
- Nynorsk i Oslo-avisene, 04.05.04.
- Nynorsk til innvandrarane no!, 12.05.04.
- Mållaget med varsam optimisme kring sidemålsforliket, 11.06.2004
- Målblome til *Dagsavisen*, 17.06.2004
- Meir nynorsk i Clemet-skulen, 17.06.2004
- Uforsvarleg nynorsk-fritak i Oslo, 06.09.2004
- Regjeringa vil likevel ikkje styrkje nynorsken, 06.10.04
- Nynorsken må inn i statsstøtta aviser, 14.10.2004
- Slå saman utdanning og kultur, 24.11.2004
- Flott med dialektar i TV 2, 16.12.2004
- Utdanningsdirektoratet utan tillit i sidemålssaka, 04.01.2005
- Meir kjærleik i Noreg, 02.02.2005
- Stadnamn er felles kulturarv, 08.02.05
- Retten til nynorskklassar står ved lag, 17.02.05
- Nynorsknormeringa i det blå, 23.02.05
- Norsk-læreplan med åtak mot nynorsken, 28.02.05
- Svensk avslag på sidemålsfritak, 03.03.05

## Lesarbrev

Å skrive lesarbrev om aktuelle saker er viktig for at Mållaget skal stå fram som ein «kulturpolitisk stridsorganisasjon». Lesarbrevet «Styrk sidemålet!» vart sendt ut til lokallaga som lesarbrevmal før aksjonsdagen for sidemål. Dette resulterte i oppunder 50 lesarbrev i aviser rundt om i landet, noko som er særs bra. Mange av lokallaga og medlemmene i Mållaget bruker lesarbrevspaltene i avisene aktivt, òg utanom aksjonstida.

Under følgjer ei liste over lesarbrev og kronikkar som er skrivne av leiaren i arbeidsåret:

- Styrk sidemålet! 09.03.2004
- Kommentar til Andersen. *Dag og Tid*. 03.04 2004.
- Nynorsk i Oslo-avisene, 04.05.2004
- Nynorsk til innvandrarane no! 11.05.2004
- Kampen for målet. Sendt til mange aviser 15.04.2004.
- Nynorsk i Oslo-avisene. Fleire aviser. 25.05 2004.

- Kulturkamp for målet. *Bergens Tidende*. 28. mai 2004.
- Kvifor tok Helse Bergen i bruk bokmål? Aviser i Hordaland og Sogn og Fjordane. 6. oktober 2004.
- Er målstriden over? *Klassekampen*. 24. november 2004.
- Nynorsk gjer frisk. *Bergens Tidende*. 27. november 2004.
- Brandal og målrørsla. *Klassekampen*. 9. desember 2004.
- Nynorsken har det bra. *Dagbladet*. 29. desember 2004.
- Minneord om Ivar Medaas. I m.a. *Bergens Tidende*, *Sunnmørsposten*, *Nordhordland* og *Firda*. 14. januar 2005.
- Provinsiell målstrid? *Dagbladet Magasinet*. 22. januar 2005.
- Sidemålet nok ein gong. *Dag og Tid*. 29. januar 2005.
- Det internasjonale ved nynorsken. Kronikk i *LNK-avisa* 1/2005.
- Kjærleiken til målet, kronikk i *Klassekampen* i feb 05

## *Norsk Tidend*

*Norsk Tidend* er ein viktig kontakt mellom Noregs Mållag og medlemene, nynorskfolk og dei politiske miljøa. *Norsk Tidend* kom ut med eitt nummer rett før sumaren 2004 og to nummer hausten 2004. Til saman vart det gjeve ut fem nummer i 2004. På nyåret er det gjeve ut to aviser i framkant av landsmøtet, eitt av nummera med spesiell fokus på landsmøtet. Frå og med 2000 har *Norsk Tidend* kome ut fem gonger i året. Dette er i tråd med arbeidsprogrammet til Noregs Mållag.

Redaktør Hege Lothe gjekk ut i permisjon sumaren 2004, og frå 16. august gjekk Marit Aakre Tennø inn i redaktørstillinga. Ho var ansvarleg for to nummer i 2004 og to i 2005. Lothe kjem attende i redaktørjobben 28. mars.

I perioden har det vore fast redaksjon i Oslo. Dessutan har det vore to faste skribentar i Trondheim og ein i Bergen. I tilegg har det vore kjøpt inn tekstar og bilete frå journalistar knytte til mellom anna lokalaviser. *Norsk Tidend* har om lag to sider til Norsk Målungdom. I tilegg nyttar ein tekstar frå Kringom (bladet til Kringkastingsringen) og Nynorsk Pressekontor. Styret har *Norsk Tidend* som styresak ein gong i året. Stoffprofilen til *Norsk Tidend* er å følgje opp dei viktigaste politiske sakene til Noregs Mållag, i tillegg til å dekkje organisatoriske lyft. Ved sidan av dette har det vore viktig å dekkje saker og stoffområde som folk innanfor målrørsla er oppteken av. Hausten 2004 vert det laga ei ny fast lokallagsside i *Norsk Tidend* med fokus på lokallagsstoff. Denne sida er tenkt som ei side der ein kan sjå mangfaldet i det gode arbeidet lokallaga driv og kanskje plukke opp idear.

I samband med landsmøtet i Ålesund gjorde lokallaga på Sunnmøre ein enorm jobb med å dele ut 13 500 aviser til husstandar på bygdene rundt Ålesund. Om lag 15 000 aviser vart sendt ut med posten alle husstandane i Ålesund.




## Heimesidene til Noregs Mållag

Nettsidene til Noregs Mållag, *www.nm.no*, er både ei intern og ei ekstern informasjonssatsing. Nettsidene skal vera ein stad ein kan få oppdatert informasjon om Noregs Mållag både for dei som arbeider med målsak jamleg og for dei som tilfeldigvis er innom. Informasjonen om organisasjonen og dei sakene Noregs Mållag arbeider med, er gradvis vorte bygd ut. Det har vore arbeidd jamt med å leggje ut pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle dokument. Sjølv om dette arbeidet har skjedd jamleg, kan oppdateringa bli betre. Heimesidene til Noregs Mållag treng ein gjennomgripande gjennomgang og omstrukturering for å fungere optimalt.

# Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

## Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Ivar Eskeland, Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen og Magne Rommetveit.

## Styret og arbeidsutvalet

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret 2004-2005 har vore:

Leiar: Endre Brunstad (AU)
Nestleiar: Nils Ulvund (AU)
Styremedlemer: Berit Rekve (AU), Karstein Bjørge (vara AU), Elisabeth Bakke, Anne Steinsvik Nordal (permisjon frå februar -05) og Gudrun Kløve Juuhl (NMU).
Varamedlemer: 1. Ragnar Lurås, 2. Bodil Haug, 3. Herleiv Haugland, 4. Sæbjørn Forberg, Lars Rottem Krangnes (NMU) og Eva Marie Mathisen (NMU).

Styret har hatt 8 møte og handsama kring 100 saker når arbeidsåret er over. Eitt av møta har vore telefonmøte. Styret har brukt mest tid på skulepolitikk (sidemålssaka), 100-årsjubileet og arbeidet med nytt treårig arbeidsprogram.

Arbeidsutvalet har hatt 7 møte og handsama nærare 70 saker når arbeidsåret er over. AU har brukt mykje e-post, tekstmeldingar og uformelle telefondrøftingar attåt dei formelle møta. Slik kontakt har til ein viss grad erstatta dei tradisjonelle AU-møta.

Leiaren, Endre Brunstad, har vore frikjøpt i alt frå 50 – 95 prosent i arbeidsåret. Han hadde permisjon frå leiarvervet i september. Nils Ulvund var konstituert leiar i perioden og var frikjøpt ein dag i veka. Elles har Berit Rekve vore frikjøpt nokre få arbeidsdagar knytt til arbeidet med jubileet. Anne S. Nordal har søkt og fått permisjon frå 1. februar og ut perioden.

## Landsrådet

Landsrådet har hatt to møte i perioden og drøfta 18 saker. Dei viktigaste sakene har vore nytt treårig arbeidsprogram og opprusting av organisasjonen.

Landsrådet er eit viktig kontaktorgan mellom styret og fylkeslaga. Gjennom møta vert det utveksla røynsler og idear og styret får råd om vegval og strategiar i sentrale politiske saker.

## Valnemnda

Valnemnda i arbeidsåret har vore:
Leiar: Georg Arnestad
Medlemer: Steinulf Tungesvik, Astrid Marie Nistad, Rutt Trøite Lorentzen og Unn C. Fyllingsnes (NMU).
Varamedlemer: 1, Sigrun Høgetveit Berg, 2. Unn Aarrestad, 3. Einar Schibevaag, Sigbjørn Hjelmbrekke (NMU) og Vegard Foseide (NMU).
Valnemnda baserer arbeidet sitt på telefonmøte. Dei har vore samla til eitt fysisk møte i perioden, under landsrådsmøtet i Oslo i januar 2005.



*Landsrådet samla til møte på kontora til Noregs Mållag i Oslo.*



*Dei tilsette i Noregs Mållag i arbeidsperioden: Gro Morken Endresen (dagleg leiar), Berit Krog (økonomi), Hege Lothe (informasjon), Marit Aakre Tennø (informasjon), Ingar Arnøy (skulemål), Magnus Bernhardsen (organisasjon), Trond Sæbø Skarpeteig (agderskrivar), Hans Andreas Starheim, (vestlandsskrivar), Else Elise Sætre Bullus (sekretær) og Tarjei Vågstøl (data).*

## Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:
Dagleg leiar: Gro Morken Endresen
Økonomikonsulent: Berit Krogh
Informasjonskonsulent: Hege Lothe (permisjon frå 1. juli – 27. mars). Marit Aakre Tennø (vikar for Hege Lothe i permisjonsperioden)
Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy
Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen
Reiseskrivar, Agder og resten av landet: Trond Sæbø Skarpeteig (50 prosent, 100 prosent frå 1. januar)
Reiseskrivar: Hans Andreas Starheim (til 31.12.2004)
Førstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50 prosemt)
Datakonsulent: Tarjei Vågstøl (20 prosent)
Ungdomsskrivar: Unn C. Fyllingsnes (mars-april og november-desember 2004)

Stillinga som reiseskrivar for vestlandet og resten av landet var eit prosjekt som vart avslutta 31. desember 2004, i tråd med tidlegare planar. Reiseskrivaren for Agder var attende i full stilling frå nyttår og har teke attende 50 % av den tidlegare prosjektstillinga. Den andre halve stillinga vil verta organisert på ein annan måte enn før frå og med vinteren 2005.

Hege Lothe søkte permisjon frå stillinga si som informasjonskonsulent før sumaren, noko styret innvilga. Ho har vikariert i ei anna stilling i perioden, men er attende hjå Noregs Mållag frå 28. mars 2005.

Styret har sett at det til tider har vore hektisk på skrivarstova det siste året, spesielt skuldast det harde åtak mot nynorsken som obligatorisk mål i skulen. Dei tilsette har likevel fått gjennomført dei sentrale oppgåvene på ein ordentleg måte, og styret har vore innforstått med at ein del andre vanlege oppgåver har måtta prioriterast ned.

## Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2004-2005. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfelle der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har følgt regelen om at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

### Nemnd for nynorsk barnelitteraturpris
Beate Storm Larsen, 02-05
Trude Hoel, 03-06
Randi Brenden, 04-07

### Nemnd for nynorsk litteraturpris
Atle Christiansen, 04-07

### Fondet for norsk målreising
Hallgrim Berg, 03-05, 05-07
Håvard Teigen, 03-05, 05-07
Toril Nicolaisen, 03-05, 05-07

### Rådet for nynorsk kultursentrum
Grete Riise, 01-04, 04-07
vara: Steinulf Tungesvik, 01-04, 04-07

### Stiftinga Magasinett
Steinulf Tungesvik 01-04, 04-07

### Rådet for Norsk Barneblad
Johs Bleie, 97-05
Åse Elin Langeland, 97-05
vara: Gro Morken Endresen, 97-05 og Inga Lauvdal, 97-05

## Styret for Norsk Barneblad
Eli Bjørhusdal, 03-05
vara: Line Brendberg, 03-05

## Stiftinga Pirion
Rutt Trøite Lorentzen, 03-05, avløyst oktober 04 av
Steinulf Tungesvik, 04-05, 05-07

## Målpolitisk råd for Det Norske Teatret
Rutt Trøite Lorentzen, 01-05
Ann Elise Winterhus, 99-05
Hans Olav Brendberg, 98-06
Magni Øvrebotten, 02-06
Anne Steinsvik Nordal, 98-06
*vara:*
Nils Moldøen, 01-05
Paul Ottar Haga, 03-05

**Valnemnd for målpolitisk råd, DNT**
Olav Helge Øwre, 04-07

## Nynorsk Pressekontor
Jan Atle Stang, 03-05
vara: Oddbjørg Starrfeldt, 99-05
Einar Schibvaag, 00-06
vara: Sigrun Høgetveit Berg, 00-06

## Halldor O. Opedals fond
Kåre Lilleholt, 04-08
vara: Marie Morken, 04-08

## Sandefjord og Sandars legat
Håvard Teigen, 99-05, 05-07

## Akademifondet i Rauland
Rune Christenson, 99-07
vara: Ågot Jordstøyl, 03-07

## Oslo Nye Sparebanks fond
Håvard Teigen, 04-07
vara: Berit Rekve, 04-07, avløyst februar 05 av
Erik Bolstad, 05-07

## Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond
Håvard Teigen, 02-04, 04-06
vara: Toril Nicolaisen, 02-04, 04-06

## Vestmannafondet
Sissel Anny Hjelmtveit, 98-04

## Fondet for nynorsk presse
Jon Bremer, 64-04
Erling Lægreid, 64-05






*I år – som tidlegare – sende Målungdomen ut flygeblad til alle tiandeklassingar med nynorsk som hovudmål. Are Kalvø var blikkfanget denne gongen. Han lovar mellom anna at ein får fine tenner av å skrive nynorsk.*

# Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

| **Dato** | **Stad** | **Tilskiping** | **Representant** |
|---|---|---|---|
| 27.4.2004 | Oslo | Nynorsk Forum | Brunstad, Endresen |
| 28.4.2004 | Manger | seminar «Nynorsk framtid», Radøy Mållag | Brunstad, Bjørge |
| 29.4.2004 | Kristiansand | Styremøte Mållaget i Kristiansand | Skarpeteig |
| 29. 4.2004 | Bergen | Tillitsmannssamling Bul–laga i Bergen | Brunstad |
| 30.4.2004 | Evje | Fylkesstyremøte Aust– og Vest–Agder Mållag | Skarpeteig |
| 3.5.2004 | Oslo | Komitéhøyring om stortingsmelding 30 | Brunstad, Endresen, og Arnøy |
| 4.5.2004 | Bergen | Sidemålsinnlegg under faglunsj, Nordisk institutt | Brunstad |
| 11.5.2004 | Tromsø | Lagsmøte | Arnøy |
| 12.5.2004 | Tromsø | Møte med Tromsø kommune (positivt sidemålsforsøk) | Arnøy |
| 13.5.2004 | Oslo | Møte med Krf ( Lilletun og Skarbøvik) | Brunstad og Endresen |
| 13.5.2004 | Oslo | Møte med Krf Hordaland sine stortingsrepresentantar | Brunstad og Bjørge |
| 18.5.2004 | Bodø | Møte med Bodø kommune (positivt sidemålsforsøk) | Arnøy |
| 19.5.2004 | Heskestad | Folkemøte skulemålsrøysting | Arnøy |
| 26.5.2004 | Oslo | Årsmøte Folkekulturforbundet | Bernhardsen |
| 29.5.2004 | Bergen | Aksjonsdag for sidemålet | Brunstad, Bjørge |
| 1.6.2004 | Sandnes | Møte Bogafjell skule, klasseblanding | Arnøy |
| 2.6.2004 | Trondheim | Møte Sverresborg u.skole, reaksjonært sidemålsforsøk | Arnøy |
| 4.6.2004 | Oslo | Læringssenteret, møte om sidemål | Brunstad, Endresen og Arnøy |
| 7.6.2004 | Oslo | Møte med ABC Startsiden | Endresen |
| 8.6.2004 | Bergen | Landås skule, møte med nynorskforeldra | Arnøy |
| 9.6.2004 | Sør–Aurdal | Skulemålsrøysting Reinli, arbeidsmøte | Arnøy |
| 10.6.2004 | | Fylkesstyremøte Aust– og Vest–Agder | Skarpeteig |
| 11.6.2004 | Evje | Styremøte Evje og Hornnes Mållag | Skarpeteig |
| 14.6.2004 | Skien | Generalforsamling Dag Bondeheim | Endresen |
| 16.6.2004 | Oslo | Dagsavisen, utdeling av målblome | Brunstad, Endresen |
| 29.7.2004 | Sandnes | Rettsmøte Sandnes tingrett, klasseblanding | Arnøy |
| 29.–31.7.2004 | Beitostølen | Årsmøte i Noregs Ungdomslag, Folkekulturfestivalen | Brunstad |
| 13.–14.8.2004 | Evje | Landbruksdagane Aust– og Vest–Agder | Skarpeteig |
| 17.8.2004 | Lillestrøm | Møte Lillestrøm vgs, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 19.8.2004 | Oslo | Møte Internasjonalt utval | Brunstad, Endresen |
| 26.8.2004 | Oslo | Møte Nynorsk forum | Brunstad, Endresen |
| 1.9.2004 | Førde | Opning av Nynorsk Mediesenter | Brunstad |
| 2.9.2004 | Førde | Opning Nynorsk mediesenter | Rekve, Lothe |
| 2.–5.9.2004 | Geilo | Konferanse om framtida for tippemidlane | Endresen |
| 4.9.2004 | Ålesund | Lagssamling Sunnmøte Mållag | Starheim, Arnøy |
| 7.9.2004 | Bergen | Møte med nynorskforeldre Krohnengen skole, klasseblanding | Arnøy |
| 7.9.2004 | Evje | Fylkesstyremøte Aust– og Vest–Agder | Skarpeteig |
| 8.9.2004 | Kristiansand | Oppropsaksjon | Skarpeteig |
| 9.9.2004 | Kristiansand | Nynorsk bar om mediespråk | Skarpeteig |
| 10.9.2004 | Kristiansand | Oppropsaksjon | Skarpeteig |
| 10.9.2004 | Sør–Aurdal | Skulemålsrøysting, arbeidsmøte | Arnøy |
| 10.–12.9.2004 | Orkdal | Haustseminar i Trønderlaget | Ulvund, Bernhardsen |
| 12.9.2004 | Åmli | Fylkesstyremøte Aust– og Vest–Agder | Skarpeteig |
| 14.9.2004 | Bergen | Styremøte Bergen Mållag | Arnøy |
| 21.9.2004 | København | Føredrag om sidemålet og den norske tospråkstoda, Sociolingvistisk studiekreds, Københavns Universitet | Brunstad |
| 27.9.2004 | Oslo | Den norske bokhandlerforening om bransjeavtalen | Endresen, Arnøy |
| 4.10.2004 | Oslo | Styremøte Oslo Mållag | Arnøy |
| 7.10.2004 | Bergen | Møte skulemålsnemnda Hordaland Mållag | Arnøy |
| 8.10.2004 | Osterøy | Nynorsk litteratur– og musikkveld, Osterøy mållag | Brunstad |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11.10.2004 | Tromsø | Møte med SAS–hotellet om landsmøtet | Endresen |
| 11.10.2004 | Tromsø | Møte med Mållaga i Tromsø om landsmøtearrangementet | Endresen |
| 12.10.2004 | Oslo | Ope møte om nynorsk i barne– og ungdomsprogram, Kringk.ringen | Brunstad |
| 13.10.2004 | Oslo | Sammøte Nynorsk forum og Løvebakken Mållag | Brunstad |
| 14.10.2004 | Evje | Styremøte Evje og Hornnes Mållag | Skarpeteig |
| 15.10.2004 | Oslo | Årsfest, BUL Oslo | Brunstad |
| 16.–20.10.04 | Barcelona | Studietur Internasjonalt utval | Brunstad, Juuhl, Endresen |
| 20.10.2004 | Oslo | Skulemålskonferanse NMU, norskkurs | Arnøy |
| 21.10.2004 | Askøy | Styremøte Askøy Mållag | Arnøy |
| 21.10.2004 | Evje | Møte med kommunestyrerepresentantar | Skarpeteig |
| 25.10.2004 | Bø | Styremøte Bø Mållag | Arnøy |
| 25.10.2004 | Oslo | Stortinget, høyring med kulturkomiteen om statsbudsjettet | Brunstad, Endresen |
| 26.10.2004 | Askøy | Møte med Askøy kommune, klasseblanding Fauskanger skule | Arnøy |
| 26.10.2004 | Bergen | Lagssamling Hordaland Mållag | Brunstad, Arnøy |
| 2.11.2004 | Kristiansand | Styremøte Mållaget i Kristiansand | Endresen, Skarpeteig |
| 3.11.2004 | Stavanger | Styremøte Stavanger Mållag | Arnøy |
| 4.11.2004 | Kvinesdal | Styremøte Kvinesdal Mållag | Skarpeteig |
| 5.–6.11.2004 | Evje | Haustseminar på Agder | Skarpeteig, Arnøy |
| 7.11.2004 | Molde | Styremøte Romsdal Mållag, mogleg røysting Julsundet skule | Arnøy |
| 15–16.11.2004 | Volda | Høgskulen i Volda, norskkurs | Arnøy |
| 19.–21.11.2004 | Skedsmo | Landsmøte Nei til EU | Endresen |
| 23.11.2004 | Oslo | Møte med barne– og ungdomsavd. i NRK | Brunstad |
| 23.11.2004 | Oslo | Møte med Samlaget om jubileumstiltak | Brunstad, Rekve, Endresen |
| 24.11.2004 | Oslo | Sammøte med leiar og skrivar i NMU | Brunstad, Endresen |
| 26.–27.11.04 | Oslo | Styremøte | Alle |
| 3.12.2004 | Oslo | Nynorsk forskarnettverk | Brunstad |
| 7.12.2004 | Oslo | Møte med elevråd Foss vgs, reaksjonært sidemålsforsøk | Arnøy |
| 10.1.2005 | Trondheim | Møte med oppvekstkomité Trondheim, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 13.1.2005 | Hareid | Møte med Sunnmøre Mållag, nynorsk for vaksne innvandrarar | Arnøy |
| 13.1.2005 | Oslo | Møte med TV 2–leiinga om nynorskbruk | Endresen |
| 14.1.2005 | Meland | Gravferd åt Ivar Medaas | Brunstad |
| 18.1.2005 | Oslo | Møte med Utdanningsdirektoratet | Brunstad, Endresen, Arnøy |
| 18.1.2005 | Oslo | Møte med kulturministeren | Brunstad, Endresen |
| 26.1.2005 | Stavanger | Møte med Rogaland Mållag, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 6.1.2005 | Bergen | Møte om nynorsk i Bergen kommune | Brunstad |
| 27.1.2005 | Sandnes | Møte med Lurhammaren skule, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 27.1.2005 | Oslo | Møte med Det norske teatret om jubileumstiltak | Rekve, Endresen |
| 30.1.2005 | Gjesdal | Styremøte Gjesdal Mållag, skulemålsrøysting Ålgård | Arnøy |
| 31.1.2005 | Sandnes | Rettssak Sandnes kommune, parallellklasseretten | Brunstad, Arnøy |
| 8.2.2005 | Naustdal | Årsmøte Naustdal Mållag | Arnøy |
| 10.2.2005 | Fredrikstad | Årsmøte Østfold Mållag | Arnøy |
| 15.2.2005 | Trondheim | Møte med Rosenborg skole, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 15.2.2005 | Trondheim | Årsmøte Nidaros Mållag | Arnøy |
| 17.2.2005 | Bø | Årsmøte Bø Mållag | Arnøy |
| 19.2.2005 | Oslo | Møte i Nynorsk forum | Brunstad |
| 23.2.2005 | Bergen | Møte skulemålsnemnda Hordaland Mållag | Arnøy |
| 26.2.2005 | Ålesund | Årsmøte Sunnmøre Mållag | Arnøy |
| 28.2.2005 | Namdalen | Årsmøte Naumdøla Mållag | Skarpeteig |
| 13.5.2005 | Bergen | Møte med skuleetaten i Sandnes kommune | Brunstad |
| 2.3.2005 | Bergen | Skipingsmøte Bergen Ungdomslag Ervingen | Brunstad |
| 3.3.2005 | Molde | Årsmøte Romsdal Mållag | Ulvund |
| 3.3.2005 | Stavanger | Årsmøte Stavanger Mållag | Arnøy |
| 3.3.2005 | Stavanger | Møte med Fylkesmannen i Rogaland, parallellklasseretten | Arnøy |
| 5.3.2005 | | Årsmøte Telemark Mållag | Lurås, Bernhardsen |
| 5.3.2005 | Tingvoll | Årsmøte Nordmøre Mållag | Ulvund, Arnøy |
| 6.3.2005 | | Årsmøte Valdres Mållag | Haug, Bernhardsen |
| 6.3.2005 | Sveio | Årsmøte Karmsund Mållag | Arnøy |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11.3.2005 | Treungen | Årsmøte Nissedal Mållag | Arnøy |
| 12.3.2005 | | Årsmøte Trønderlaget | Ulvund |
| 12.3.2005 | | Årsmøte Aust– og Vest–Agder Mållag | Skarpeteig |
| 12.3.2005 | | Årsmøte Sogn og Fjordane Mållag | Bernhardsen |
| 12.–13.3.2005 | | Årsmøte Hordaland Mållag | Bjørge, Arnøy |
| 13.3.2005 | | Årsmøte Rogaland Mållag | Brunstad, Skarpeteig |
| 14.3.2005 | | Årsmøte Bodø Mållag | Arnøy |
| 15.3.2005 | Oslo | LNK–konferanse om nynorsk i partiprogramma | Brunstad, Endresen |
| 16.3.2005 | Oslo | Møte med Det Norske Bibelselskap | Brunstad, Endresen |
| 16.3.2005 | Bergen | Møte med bergenspolitikarar om nynorsk i Bergen kommune | Brunstad |
| 14–15..3.2005 | | Nynorskkurs, høgskolen i Bodø | Arnøy |
| 18.3.2005 | Oslo | Landsmøte i NMU | Brunstad |
| 30–31.3.2005 | Volda | Opning av Senter for nynorsk i opplæringa | Brunstad, Arnøy |

# Du kan få skattefrådrag for gåver til Noregs Mållag

■ Om du gjev minst 500 kroner i gåve til Noregs Mållag i 2004, får du skattefrådrag for den summen du har gjeve. Skattefrådraget får du for summar mellom 500 kroner og 6000 kroner.

Merk at det berre er gåveinnbetalingane som fell inn under ordninga – loddkjøp og medlemspengar kan difor ikkje reknast med. Du treng ikkje å betale heile summen på ein gong for å få frådraget.

■ Ein slik skattelette for gåver skal førast som frådrag i personinntekta, til liks med gjeldsrenter, minstefrådrag og anna. Det vil seie at skattefrådraget er 28 prosent av den summen du har gjeve.

**Gjev du 500 kroner, får du såleis 140 kroner attende på skatten. Gjev du 6000 kroner, får du 1680 kroner attende på skatten.**



■ Du kan bruka gåvegiroen i Norsk Tidend, eller du kan betala inn på eigen blankett til kontonummer **3450.19.80058**. Merk i tilfelle innbetalinga med «gåve».

■ Vi takkar alle dykk som stør målarbeidet ved å gje oss gåver. Svært mykje av aktiviteten vår vert finanisert med desse pengegåvene, og dette året er det ikkje minst kampen for skriftleg sidemålsundervisning og sidemålseksamen som har vore ein stor kostnad for organisasjonen.



*Hjelp staten å stø opp om målsaka – søk om skattefritak for målgåvene dine!*

# Økonomi

| *Tal i 1000* | *Notar* | REK 01 | REK 02 | REK 03 | LM-vedtak BUD 04 | Styrevedtak BUD 04 | REK 04 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | | | | |
| Sal av materiell | | 74 | 107 | 96 | 90 | 87 | 87 |
| Lysingar og istikk | | 132 | 69 | 80 | 110 | 90 | 31 |
| Tingingsinntekter | | 13 | 7 | 62 | 105 | 60 | 59 |
| Kulturlotteri | | 292 | 288 | 333 | 300 | 360 | 285 |
| Medlemspengar | | 1 930 | 2 097 | 2 040 | 2175 | 2 153 | 2 043 |
| Medlemspengar org.satsinga | | | 277 | 326 | 379 | 370 | 360 |
| Studiearbeid | | 14 | 6 | 6 | 6 | 5 | 5 |
| Møte-/seminarinntekter | | 303 | 136 | 114 | 160 | 130 | 131 |
| Målgåver | | 752 | 765 | 663 | 660 | 670 | 716 |
| Statstilskot | *1* | 1 361 | 1 402 | 1 457 | 1500 | 1 505 | 1 505 |
| Løyvingar og gåver | *1* | 491 | 385 | 379 | 500 | 450 | 382 |
| Agdersatsinga | | | | 200 | 260 | 260 | 208 |
| Andre lagsinntekter | | 49 | 54 | 32 | 50 | 35 | 33 |
| Leigeinntekter | | 293 | 270 | 286 | 290 | 300 | 295 |
| Uttak av varer | | | | 18 | | | 13 |
| Ymse | | 32 | 239 | 70 | 60 | 50 | 157 |
| **Sum inntekter** | | **5 736** | **6 102** | **6 162** | **6 645** | **6 525** | **6 310** |
| | | | | | | | |
| **KOSTNADER** | | | | | | | |
| Materiell for sal | | 60 | 104 | 74 | 70 | 60 | 53 |
| Trykkjekostnader | | 323 | 268 | 287 | 310 | 310 | 301 |
| Kulturlotteri | | 53 | 56 | 68 | 75 | 75 | 47 |
| Refusjon medlemspengar | | 470 | 500 | 464 | 500 | 485 | 447 |
| Løn og honorar | *2* | 2 084 | 2 377 | 2 590 | 2 973 | 3 032 | 3 138 |
| Husleige og straum | | 617 | 620 | 679 | 680 | 700 | 680 |
| Telefon (og porto) | | 91 | 94 | 121 | 90 | 125 | 139 |
| Porto | | 532 | 475 | 447 | 490 | 472 | 469 |
| Argus | | 69 | 60 | 58 | 65 | 59 | 56 |
| Drifts- og kontorutgifter | | 310 | 338 | 328 | 350 | 330 | 319 |
| Landsmøte/reise | | 124 | 110 | 126 | 135 | 135 | 328 |
| Styre-/landsrådsmøte | | 105 | 181 | 195 | 190 | 190 | 159 |
| Seminar/konferansar | | 226 | | 234 | 130 | 110 | 75 |
| Andre møte og reiser | | 261 | 323 | 379 | 380 | 370 | 373 |
| Løyvingar og gåver | | 38 | 46 | 34 | 50 | 45 | 34 |
| Løyving til NMU | | | | 35 | 30 | 30 | 40 |
| Avskrivingar, tap på krav | | 114 | 52 | 33 | 33 | 33 | 42 |
| **Sum kostnader** | | **5 477** | **5 604** | **6 152** | **6 551** | **6 561** | **6 700** |
| | | | | | | | |
| **Resultat før finanspostar** | | **259** | **498** | **10** | **94** | **-36** | **-390** |
| | | | | | | | |
| **FINANSPOSTAR** | | | | | | | |
| Utbyte | | 58 | 1 | 44 | | | 42 |
| Aksjevinst | | | | | | | 404 |
| Finansinntekter | | 99 | 107 | 70 | 130 | 120 | 15 |
| Finansutgifter | | -43 | -46 | -29 | -50 | -30 | -21 |
| Sum finanspostar | | 114 | 62 | 85 | 80 | 90 | 440 |
| Ekstraordinære inntekter | | | 40 | 13 | | | 108 |
| **RESULTAT** | *3* | **373** | **600** | **108** | **174** | **54** | **158** |
| | | | | | | | |
| **DISPONERING** | | | | | | | |
| Avsatt til eigenkapital | *4* | 373 | 600 | 108 | 174 | 54 | 158 |

# Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytt til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Noregs Mållag er ein særs godt stilt organisasjon som har engasjerte, gåvmilde medlemer, som er vane med å bere kostnadene ved organisasjonsarbeidet av eiga lommebok. Trass i dette, må vi berre innsjå at den interne pengesekken er avgrensa, og at gjevargleda internt truleg har ført til mindre kreativitet rundt eksterne midlar.

Det største potensialet for å tilføre heile organisasjonen meir pengar, ligg i dag gjennom arbeid mot andre pengesekkar enn våre eigne. Økonomi er eit arbeidsfelt som heile organisasjonen er nøydd til å ta alvorleg, særleg ettersom pengar blir viktige td. for å lukkast med den organisatoriske opprustinga.

# Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2004 viser eit overskot på kr 157 740. Det var budsjettert med eit overskot på kr 174 000 som styret i seinare revisjonsvedtak reduserte til kr 54 000. Driftsrekneskapen kom ut med eit underskot på kr 390 601, men finansinntektene, renter frå bankinnskot og tildeling frå Fondet for norsk målreising, samt sal av aksjar i Bondeheimen Flekkefjord gjer at overskotet vart på kr 157 740. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 1 192 479. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte. Statsstøtta er stabil og svakt stigande. For 2004 har det vore nedgang i loddsalet, men gjevargleden har vore stor.

Dei største sprekkane i høve til budsjett kom i 2004 på medlemspengar, lotteri og lysingar/istikk. Det er framleis eit mål å finne andre inntektskjelder for å betre økonomien.

I 2004 har det òg vore brukt mykje tid på å halde kontroll med budsjettet. I samband med ny opplæringslov har vi brukt pengar på rettssak i Sandnes i sak om det er lovleg å blande nynorsk-og bokmålsgrupper. I tillegg har vi brukt vesentleg meir enn budsjettert på sidemålsstriden og på Norsk Målungdom. Dette saman med lågare inntekter enn budsjettert, har gjeve eit driftsunderskot i 2004.

## Lysingar og istikk

*Norsk Tidend* kom ut med fem nummer i 2004. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet var ikkje slik vi hadde ønskt.

## Tingingsinntekter

Tingingsinntektene heldt seg på same nivå som før.

## Lotteriet

Lotteriet er tufta på frivillig sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2004 selde laga 4 137 lodd, og medlemene kjøpte 12 422 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 16 559 lodd av 23 000. Dette salet var lågare enn forventa. Lotteriet vart avslutta 31.12.04.

## Årspengar og organisasjonssatsinga

Talet på medlemer gjekk ned i 2004. Derfor vart inntektene om lag dei same som i 2003.

Summen ført under organisasjonssatsinga er teken frå årspengane. Vedtaket på landsmøtet i 2001 var at kr 40 frå medlemene og kr 20 frå familiemedlemene skulle gå til organisasjonssatsinga.

## Møte-/seminarinntekter

Denne posten inneheld landsmøteavgift og seminaravgift.

## Målgåver

Medlemene har også i 2004 gitt gode gåver til arbeidet i rørsla.

## Leigeinntekter og andre lagsinntekter

Leigeinntekter frå utleige av skrivarloftet (i Schweigaardsgt) og utleige av kontor til Atlantis og Kringkastingsringen.

Lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk blir ført under «andre lagsinntekter».

## Uttak av varer

Profileringsmateriell og bøker som er brukte til gåver til innleiarar og andre.

## Ymse inntekter

Posten inneheld ymse innbetalingar på landsmøtet. Alle kostnader i samband med nemnde inntekter er rekna med i reisekostnader for landsmøtet. Elles inneheld posten inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2004.

## Løyvingar/gåver

*Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private:*

| | |
|---|---|
| Sandefjord og Sandar Mållag | 30 000 |
| Anne og Alf Longvas fond (overført til 2005) | -15 000 |
| Oslo Nye Sparebanks Fond | 50 000 |
| Osly Nye Sparebank Fond (overført frå 2003) | 6 848 |
| Halldor O. Opedals fond | 7 500 |
| Naumdøla Mållag | 2 500 |
| Troms- og Finnmark Mållag | 3 000 |
| Nord-Møre Mållag | 2 500 |
| Hordaland Mållag | 10 000 |
| Rogaland Mållag | 15 000 |
| Sveio Mållag | 3 000 |
| BUL Bergen | 2 500 |
| **Sum, gåver/tilskot frå private** | 132 848 |

*Offentlege tilskot er oppførte i note* 1.

## Løn og administrasjon

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i *Norsk Tidend*. Honorar til prosjektretta arbeid og refusjon av sjukepengar er ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under «Skrivarstova». Dagleg leiar er plassert i lønssteg 48 i statsregulativet.

### Husleige og straum
Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

### Telefon og porto
Telefon- og internettkostnadene for 2004 er noko høgare enn budsjettert. Porto gjeld utsending av fem nr av *Norsk Tidend*, portokostnader i samband med loddsal og porto for all post som Noregs Mållag sender ut.

### Refusjon av medlemspengar
Etter landsmøtevedtak i 2002, er det no utbetaling av refusjon medlemspengar ein gong i året. Refusjonen skal utbetalast i februar året etter avslutning av medlemsrekneskapen. Refusjon medlemspengar for 2004 er utrekna til totalt 447 187 kr.

### Driftsutgifter
Ein av dei største underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskinen fungerer òg som felles skrivar for datamaskinane. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroane og ein del anna materiell på denne maskinen. IT-kostnader, m.a. kostnader til heimesida, er òg førte under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Vedlikehald av Skrivarloftet kjem under denne posten.

### Møte-/reiseutgifter
Desse postane inneheld møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser. I 2004 vart det arrangert haustseminar. Organisasjonssatsinga starta i 2002, og 2004 er det andre heile året for satsinga.

### Gåver og tilskot frå Noregs Mållag

| | |
|---|---|
| Nynorsk litteraturpris | 15 000 |
| Nynorsk barnebokpris | 15 000 |
| Norsk Målungdom | 40 000 |
| Troms og Finnmark Mållag | 2 000 |
| SOS Rasisme | 1 500 |
| Stord Mållag | 2 400 |
| **Sum, gåver og tilskot.** | 75 900 |

### Avskrivingar/tap på krav
Nokre av investeringane på ombygging av kontora er aktiverte i 2000. Datautstyr og ombygging er avskrive med kr 33 243. Ombygginga blir avskriven over 5 år, den same perioden som Noregs Mållag har avtale om leigeinntekter for. Dette er såleis siste året i avskrivingsperioden.

### Finanspostar
Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkontoar og tildeling frå Fondet for norsk målreising.

Forteneste på sal av aksjeposten i Bondeheimen Flekkefjord og utbyte på aksjane i Orkla er også med her.

Renteutgiftene inneheld renter på lån og gebyr.

### Ekstraordinære inntekter
Posten inneheld attendebetaling av utlagt mva. på porto og tenester i 2003.

Etter dei nye mva-reglane vart det lagt mva. på porto og tenester og dette gav organisasjonane store ekstrautgifter. Etter søknad får ein så refusjon på grunnlag av tidlegare års meirkostnader. Posten inneheld også inntektsføring av kr 75 000 frå Husfondet (salet av aksjar).

# Notar rekneskap og balanse

### Rekneskapsprinsipp
I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak.
Krava er førte opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

### Note 1: Offentlege tilskot

| | *2004* | *2003* |
|---|---|---|
| Kulturdepartementet | 1 505 000 | 1 457 000 |
| Kultur og kyrkjedepartementet | 250 000 | 190 000 |
| Norsk Kulturråd | | 40 000 |
| **Sum offentlege tilskot** | **1 755 000** | **1 687 000** |

### Note 2: Lønskostander og godtgjeringar

| *Lønskostnader* | *2004* | *2003* |
|---|---|---|
| Løn, feriepengar og liknande | 2 657 898 | 2 243 255 |
| Folketrygdavgift | 310 147 | 291 577 |
| Anna godtgjering | 80 400 | 55 750 |
| **Sum lønskostnader** | **3 048 445** | **2 590 582** |
| *Gjennomsnittleg tal tilsette:* | *7* | |

| *Godtgjering 2004* | *Dagleg leiar* | *Styret* |
|---|---|---|
| Løn | 341 124 | 286 523 |
| Anna godtgjering | 0 | 0 |
| **Sum godtgjeringar** | **341 124** | **286 523** |

| *Revisor* | |
|---|---|
| Revisjonshonorar 2004 | 74 423 |

### Note 3: Eigenkapital

| | *2004* | *2003* |
|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 034 739 | 927 039 |
| Årsresultat | 157 740 | 107 700 |
| **Sum eigenkapital 31.12** | **1 192 479** | **1 034 739** |

### Note 4: Opptente inntekter
Opptente inntekter inneheld utestående krav, m.a. løyvingar til organisasjonssatsinga som gjeld 2004, men blir innbetalt i 2005.

### Note 5: Husvære
Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppført verdi kr 326 070. Kjøpt for kr 326 070 i 1992. Marknadsverdien ved takst i 1999 vart sett til kr 750 000.

# Balanse

| | Notar | 2004 | 2003 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| Husvære | *5* | 326 070 | 326 070 |
| Inventar | *6* | | 33 243 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **326 070** | **359 313** |
| | | | |
| Partar i Fondet for norsk målreising | | 533 000 | 533 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **533 000** | **533 000** |
| **Sum anleggsmidlar** | | **859 070** | **892 313** |
| | | | |
| **OMLAUPSMIDLAR** | | | |
| Varer | *7* | 109 231 | 103 405 |
| | | | |
| Kundefordringar | | 281 087 | 101 706 |
| Opptente inntekter | *4* | 254 888 | 510 364 |
| Mellomrekning Fondet | | 41 376 | 39 128 |
| **Sum kortsiktige fordringar** | | **577 351** | **754 603** |
| | | | |
| Luter | *8* | 151 200 | 226 200 |
| | | | |
| Depositum husleige | *9* | 198 050 | 198 050 |
| Bankinnskot | *10* | 967 699 | 711 314 |
| **Sum bankinnskot** | | **1 165 749** | **909 364** |
| **Sum omlaupsmidlar** | | **2 003 531** | **1 890 167** |
| | | | |
| **EIGE** | | **2 862 601** | **2 782 480** |

| | Notar | 2004 | 2003 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| Eigenkapital | | -1 034 739 | -927 039 |
| Resultat i perioden | | -157 740 | -107 700 |
| **Sum opptent eigenkapital** | *3* | **-1 192 479** | **-1 034 739** |
| | | | |
| **SKULD** | | | |
| Gjeldsbrevlån | *11* | -79 146 | -142 482 |
| Husfond | *12* | -273 050 | -348 050 |
| **Sum langsiktig skuld** | | **-352 196** | **-490 532** |
| | | | |
| Leverandørgjeld | | -97 732 | -122 615 |
| Skuldige medlemspengar | | -491 938 | -463 216 |
| Medlemspengar neste år | | -14 020 | -5 450 |
| Nedlagde/sovande lag | | -5 290 | |
| Skuldige off. avgifter / feriepengar | | -452 409 | -386 083 |
| Anna kortsiktig skuld | *13* | -256 537 | -279 845 |
| **Sum kortsiktig skuld** | | **-1 317 926** | **-1 257 209** |
| | | | |
| **Sum skuld** | | **-1 670 122** | **-1 747 741** |
| | | | |
| **EIGENKAPITAL OG SKULD** | | **-2 862 601** | **-2 782 480** |

## Note 6: Inventar

| | |
|---|---|
| Opphaveleg verdi | 1.170.695 |
| Avskrive | - 1 170 695 |
| **Verdi pr 31.12.04** | **0** |
| Avskriving i år | 33 243 |

## Note 7: Varelager

Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

## Note 8: Luter

Noregs Mållag har luter i:

| | | *Kostpris* | *Bokf. v.* | *Likn.v.* |
|---|---|---|---|---|
| Det Norske Teatret | 23 stk | 11 200 | 0 | 0 |
| Orkla A-aksjar | 276 stk | | 16 200 | 55 062 |
| *Dag og Tid* | 250 stk | 10 000 | 10 000 | |
| Dag Bondeheim AS | 75 stk | 75 000 | 75 000 | |
| Norsk-Plan | 5 stk | 50 000 | 50 000 | |
| Sum | | | 151 200 | |

Den verkelege verdien av lutane er usikker.

## Note 9: Bundne bankinnskot

| | |
|---|---|
| Depositum husleige Kirkegt. 32 | 198 050 |

## Note 10: Bankinnskot

Av bankinnskot er kr 116 117 bundne til skattetrekk.

## Note 11: Gjeldsbrevlån Hardingbanken

| | |
|---|---|
| Opphaveleg lån frå 1995 til datautstyr | 500 000 |
| Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweigaards gt) | 105 000 |
| **Rest pr. 31.12.04** | **79 146** |

Banken har trygd i Schweigaards gate 52 for dette lånet.

## Note 12: Husfondet

| | |
|---|---|
| Depositum husleige | 198 050 |
| Luter i Dag Bondeheim, Skien | 75 000 |
| | 273 050 |

## Note 13: Kortsiktig skuld

Inneheld avsetjing til lotterivinstar og avsetjing til revisjonskostnader for 2004. Det er òg overført midlar til organisasjonssatsinga i 2005 som ikkje vart nytta i 2004.

# Inga og Gjøa Lutros legat

## Rekneskap

| | |
|---|---|
| Renter 2004 | 5 220 |
| Overført til Noregs Mållag | 5 220 |

## Balanse

| | |
|---|---|
| **Aktiva** | |
| Bankinnskot | 602 678 |
| | |
| **Passiva** | |
| Legat | 602 678 |

# Kulturlotteriet 2004

## Rekneskap

| | |
|---|---|
| **Inntekter** | |
| Loddsal | 284 947 |
| **Sum inntekter** | 284 947 |
| | |
| **Kostnader** | |
| Vinstar | 46 953 |
| Trykking | 26 743 |
| Porto | 18 366 |
| Administrasjon | 30 000 |
| Gebyr | 2 797 |
| **Sum utgifter** | **124 859** |
| | |
| **Overskot** | **160 088** |


VARDENS REVISJONSKONTOR

REVISJONSMELDING FOR 2004

VARDENS REVISJONSKONTOR AS



VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad
Statsautorisert revisor
Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Til årsmøtet i
Inga og Gjøa Lutros Legat

**REVISORMELDING FOR 2004**

Vi har revidert årsrekneskapen for **Inga og Gjøa Lutros Legat** for rekneskapsåret 2004 som syner eit resultat på kr 0 etter at renter kr. 3.220 er overført til Noregs Mållag. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen er lagt fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og interne kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2004 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.

Oslo den 01. mars 2005
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor



VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad
Statsautorisert revisor
Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Til
Noregs Mållag
Oslo Politikammer

**REVISJONSMELDING LOTTERIREKNESKAP 2004**

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2004 for Noregs Mållag. Rekneskapen, som kan er samansett av resultatrekneskap, viser et overskot på kr. 160.088

Rekneskapen omfatter lodder solgt fram til utløpsdato 31. desember 2004.

Vi har kontrollert at det foreligger dokumentasjon for samtlege kostnader, inklusive utbetalte gevinster, og at inntektene stemmer overens med antall solgte lodder. Avviket mellom bokført inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall lodder er verifisert.

Lotterirekneskapen følger de lover og regler som regulerer avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 01. mars 2005
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
statsautorisert revisor

# Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider både for å få fleire til å nytta nynorsk og for å tryggja rettane til dei som alt nyttar språket. Dei viktigaste arbeidet har i arbeidsperioden har vore verving av medlemer, skiping av lokallag, arbeid for sidemål, framhald av kampanjen for å få nynorsk inn i *Dagbladet* og ei ekstra satsing på austlandet. Den største sigeren kom på eit felt me ikkje har arbeidd serleg med denne perioden, men som har vore ei hovudsatsing før, nynorsk data. I haust oppheva Stortinget endeleg det punktet i forskriftene til opplæringslova der det stod at programvare var unnatekne frå parallellutgåveretten.



*Glade aksjonistar under sumarleiren i Sandefjord.*
*Foto: Synnøve Midtbø Myking.*

## Kampanje for nynorsk i *Dagbladet*

Kampanjen var eit framhald frå i fjor. Me nytta falske avisframsider under aksjonane. Me opplever brei stønad for kravet om meir nynorsk på redaksjonell plass i avisene.

## Austlandssatsinga

Denne perioden satsa me ekstra på å vinna grunn på austlandet. Bakgrunnen var åtaket på sidemålet i Oslo og det store målbytet som er i nynorskområda i denne landsluten. Satsinga har i hovudsak teke form av at me har lagt mange av målferdene våre her. Me har vore i Oslo, Østfold, Vestfold, Telemark, Hedmark, Oppland og Buskerud. Einast Akershus har me ikkje vore i. I tillegg har me sendt ut plakatar og bunkar med flygeblad til utdeling til alle vidaregåande skular på austlandet. Me veit ikkje om dette har vorte spreidd av norskfagsandsvarlege.



*DJ Ravi fekk dialektprisen under Målstrid 2004.*
*Foto: Sigrid Kleiva Gramstad*

## Sidemålsordninga

Ordninga har vore under press både frå nasjonalt hald og lokalt i Oslo. Me var aktive i pressa og var i samtalar med undomspartia då dette stod på som verst.

## Organisasjonen

Dette året var det fyrste året med statsstønad etter rettsaka. Året fekk likevel ikkje ein enkel start. Det tok særs lang tid å få ut statsstøtta. Fordelingsutvalet såg grunn til å tvila på om me hadde rett på stønad. Etter to omfattande kontrollar og fleire rundar med klagar innsåg dei likevel at me hadde rett. Utbetalinga laut likevel venta til attendebetalingsavtalen med Statens innkrevingssentral var på plass. Det var heller ikkje enkelt å få til. Fyrst i november ordna det seg, og me fekk ut midlane me hadde krav på.

Store utskiftingar i sentralstyret reduserte arbeidskapasiteten fram til sumaren. Frå hausten kom me inn i eit godt gjenge og fekk utretta mykje av det me hadde mål om. Me har i største delen av perioden hatt ein tilsett. Me har framleis trange lokale hjå Noregs Mållag, og dette legg stundom praktiske hindringar for arbeidet.

Medlemstalet har frå 2003 til 2004 gått ned med 30 medlemer. Me ligg likevel 120 høgare enn i 2002. Me har i perioden skipa 4 nye lokallag.



*Sigbjørn Hjelmbrekke går av som leiar i NMU i 2005 etter eitt år som leiar. Her saman med dagleg leiar Unn Fyllingsnes. Foto: Hege Lothe.*

# Nærskylde tiltak

## Norsk Barneblad

*www.norsk-barneblad.no*

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år. Ordskifte der lesarane sjølve får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside på Internett. Opplaget er kring 4000.

Styreleiar er Ingvild Aursøy Måseide og ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

## Norske Lagsbruk

*www.lagsbruk.no*

Føremålet til Norske Lagsbruk er å vere eit tenesteapparat for forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla ved å formidle økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprosessar.

Det er laga ein nettbasert database der alle ungdomshus i Noregs Ungdomslag skal registrerast med bilete og kontaktopplysingar.

Bondeheimen AS i Flekkefjord er seld i meldingsåret. Omlag 2 mill kroner kunne dermed fordelast til aksjonærane. Etter som det er nedgang i talet på næringsverksemder i rørsla, blir lagshusa den viktigaste oppgåva til Norske Lagsbruk i åra framover. Gjennom Noregs Ungdomslag er om lag 350 ungdomshus registrerte og kollektivt innmelde i organisasjonen. Årsbudsjettet er på omlag 2 mill, der 70 prosent er offentleg stønad.

Hallvard Julseth, Oslo er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

## Nynorsk mediesenter

*www.nynorskmediesenter.no*

Den 2.september 2004 opna kulturminister Valgerd Svarstad Haugland Nynorsk mediesenter i Førde. Senteret skal lære opp ti nynorskbrukande journalistar i året og drive kursverksemd om nynorsk og media. Målet er både fleire nynorskbrukande journalistar og fleire dialekt- og nynorskbrukarar i media. Det fyrste kullet med nynorskpraktikantar er ferdig opplærde, det andre godt i gang.

Det er NRK som driv senteret, som held hus saman med NRK Sogn og Fjordane. Dette distriktskontoret har gjennom mange år lært opp gode, nynorskbrukande journalistar, og er no lærestad for nynorskpraktikantane. Praktikanttida er eit halvt år, med fire månader i Førde og to i praksis i andre redaksjonar i og utanfor NRK. Det er ei opplæring etter «lære-med-å-gjere-det-metoden», med lite teori og mykje praksis. Lærarane er aktive journalistar.

Det er opptak vår og haust, med start ved nyttår og 1.september kvart år. Praktikantstillingane vert lyst ut på eiga nettside, på NRK sine jobbsider, nettsidene til distriktskontora og i *Dag og Tid*. Det er viktig for både nynorsken og senteret å få søkjarar frå heile landet.

Nynorsk mediesenter driv og kursverksemd under omgrepet «Munn og mæle». Vi ynskjer å gje kursdeltakarane kunnskap og trening i media og nynorsk, som gjer dei trygge og frimodige nok til å vere seg sjølv og våge seg frampå i mediesamfunnet. Vi skreddarsyr kurs i til dømes medietrening, formidling, nynorsk og Internett. Kursa rettar seg både mot enkeltpersonar, redaksjonar, organisasjonar og næringsliv.

Magni Øvrebotten er leiar for Nynorsk mediesenter, som i tillegg sysselset to lærarar og leiger inn gjesteførelesarar på ulike emne innan journalistikk og nynorsk.

## Dag og Tid

*www.dagogtid.no*

*Dag og Tid* AS gjev ut den frie vekeavisa *Dag og Tid*, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Innanfor dei litterære miljøa i Noreg er *Dag og Tid* ei mykje lesen avis.

*Dag og Tid* kom i 2004 ut med 52 nummer i 48 utgåver. Opplaget i 2004 kom opp i 7029, om lag 50 høgare enn året før.

Selskapet driv òg forlagsverksemd. Ein til to gonger kvart år lagar redaksjonen temaaviser om utvalde forfattarar eller andre kulturelle tema. Selskapet gjev også ut Ivar Aasen-almanakken og Nynorsk språknøkkel.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Bente Riise er styreleiar i selskapet.

## Folkekulturforbundet

*www.folkekultur.no*

Folkekulturforbundet skal organisere og leggje tilhøva til rette for folkeopplysing og opplæring i medlemsorganisasjonane innafor ramma av lov om vaksenopplæring.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene i 2004 var:

- informasjon og rettleiing til lokale og regionale studieleiarar
- utvikling av studieplanar og studiemateriell
- arbeidet med å rettleie studentar og legge til rette studia for dei som ønskjer å ta sveinebrev i små handverksfag som bunadtilverkar, vever mm.

- vidareføring av høgare utdanning i dans - «Norsk folkeleg dans» og «Innføring i norsk folkedans i samarbeid med NTNU – og bunad - «Drakt og samfunn» i samarbeid med NTNU og bunad og folkedraktrådet.
- vidareføring av prosjektet «Folkekultur for alle» som er eit tiltak for å få med grupper som til vanleg ikkje kjem på kurs i våre organisasjonar
- arbeid gjennom Vaksenopplæringsforbundet for å sikre statlege overføringar

I 2004 vart det halde 3 539 kurs over 108 510 studietimar i lokal- og fylkeslag i medlemsorganisasjonane. Noregs Mållag hadde i 2004 om lag 300 studietimar.

Folkekulturforbundet har kontor i Vågå. Det er 3,7 årsverk på kontoret. Dagleg leiar er Kjærsti Gangsø. Styreleiar i 2004 var Tove Gulsvik frå Norges Husflidslag.

## Stiftinga Magasinett

*www.magasinett.no*

Stiftinga Magasinett har ansvar for nettidsskriftet Magasinett. Tidsskriftet er eit internettmagasin for ungdom, redigert på nynorsk, med adresse Vatlandsvåg i Ryfylke. Stiftinga er skipa av Noregs Mållag som oppnemner styre, medan firmaet Norsk Plan as har ansvar for drifta.

2004 var åttande driftsåret til Magasinett, og drifta vart hovudsakleg finansiert gjennom støtte frå Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) som løyvde 200 000 kr til drifta. Tidsskriftet fekk i tillegg støtte frå Norsk Kulturråd.

Magasindelen med originalskrivne tekstar av kjende nynorske forfattarar og spaltistar utgjer hovudtyngda av det redaksjonelle stoffet i Magasinett. Lesarstatistikken syner også at dette er det mest populære stoffet.

Magasinett vert oppdatert kvar veke. Magasinett har gjennomsnittlegg 32 000 treff i månaden. Dette er ei solid auke, og det vitnar om at Magasinett er blitt ein stor del av nettkvardagen til mange.

I 2004 var Aud Marit Hauge redaktør for Magasinett, fram til desember då noverande redaktør, Toyni Tobekk tok over.

Steinulf Tungesvik har vore styreleiar i 2004, Bente Vatne og Vidar Høviskeland styremedlemmer.

## Stiftinga Pirion

*www.pirion.no*

Stiftinga Pirion er ei ideell stifting med hovudføremål å gi ut kulturavisa Pirion, ei avis som stimulerer og inspirerer til kulturarbeid for alle som arbeider med barn. Pirion rettar seg særleg mot det pedagogiske personalet i barnehagen, men er også godt eigna for lærarar på småskuletrinnet. Avisa opererer med eit breitt kulturomgrep, har høg kvalitet, og prøver å kombinera det praktiske og det prinsipielle.

Pirion kom ut med fire nummer i 2004.

Eit abonnement for 2005 kostar 150 kroner. Avisa er støtta av Norsk Kulturråd, ei støtte som avisa i dag er heilt avhengig av. Avisa har også gode støttespelarar i lokallag i Noregs Mållag, lag som fremjar kulturarbeid for barn gjennom å tinga Pirion til barnehagar i områda sine. Dette er særs viktig, i ei tid der dårleg kommuneøkonomi også rammar barnehagane.

Stiftinga vart oppretta av Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorskkommunar i februar 2001. Styret har tre medlemmer, stiftarane oppnemner ein kvar, i tillegg oppnemner Norsk Barneblad ein. I styret 2004 sat Bente Vatne, Rutt Lorentzen og Einar Schibevaag. Lektor og førskulelærar Ingeborg Mjør var redaktør for avisa.

## Det Norske Samlaget

*www.samlaget.no*



*Nina Refseth (39) er ny forlagssjef i Det Norske Samlaget. Ho er den fyrste kvinnelege toppleiaren i dei store norske forlaga.*

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgiving. Selskapet gir ut tidsskriftet Syn og Segn, som er det største allmenn¬kulturelle tidsskriftet i Noreg. Tingartalet i 2004 var 2474 mot 2311 året før. Forlaget gir også ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Forlaget gav i 2004 ut 187 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2004 vart eit særs godt år for forlaget. Driftsinntektene med tilskot vart 76.3 mill.kr, og førebels årsresultat etter skatt vart eit overskot på meir enn 6 mill.kr. Det gode resultatet heng saman med auke i salet av læremiddel til skulen samstundes som det vart investert lite i nye skulebøker i påvente av skulereformene i 2006. Også på andre utgivingsområde gjekk det betre enn venta. Til saman fekk Samlaget 22 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 31 bokrettar til utlandet.

Blåmann Barnebokklubb vart lansert i september 2001. Blåmann har samarbeidd med nynorsk-organisasjonane, skolar og bibliotek om medlemsverving. Etter tre års drift har han ca. 4000 medlemmer; ein stor auke siste året og medlemmene kjøper fleire bøker enn det bokklubben hadde rekna med, men enno trengst det fleire medlemmer før klubben dekkjer alle kostnadene.

Samlaget har lagt stor vekt på å arbeide for at det desentraliserte nettet med bokhandlarar vert halde oppe, og at bøker på nynorsk får gode nok sals- og distribusjonsvilkår. Endringane i bokbransjen gjer at Samlaget har måtta omstille og effektivisere drifta. Forlaget står overfor viktige

strategiske val når det gjeld satsingsområde, storleik, organisering og distribusjon.

Leiar i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Litteraturselskapet Kjellbjørg Lunde. Forlagssjef Audun Heskestad slutta ved årsskiftet etter 25 år som leiar. Ny dagleg leiar er Nina Refseth.

## Landssamanslutninga av nynorskkommunar

*www.lnk-nytt.no*

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 102 medlemer; av desse er 95 kommunar og fylkeskommunar.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk bruksspråk innafor alle sektorar i det offentlege, men medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og kommunal (nærings)utvikling.

LNK tilbyr språkkurs for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkar heile landet.

LNK gir ut *LNK-avisa* seks gonger i året og nettstaden www.LNK-nytt.no vert oppdatert kvar dag.

Elles arbeider organisasjonen nært saman med Noregs Mållag gjennom stiftingane Pirion og Magasinett.

Jan Magne Dahle er styreleiar i LNK. Dahle sit i fylkesutvalet i Møre og Romsdal og er med i formannskapet i Ørsta kommune. Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK.

## Kringkastingsringen

*www.kringkastingsringen.no*

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. I 50 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggje forholda til rette for at me skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2004 har me:

- Arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.
- Vore i møte med NRK for å drøfta spørsmåla kring barne- og ungdomsprogram.
- Arbeidd for å styrkja pressestøtta.
- Fungert som høyringsinstans i mediespørsmål.
- Halde oversikt over språkbruken i media.
- Gjeve ut fire nummer av meldingsbladet Kringom, der me tek opp aktuelle språk- og mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Audhild Gregoriusdotter Rotevatn i Kanal 24.
- Førebudd 50-årsmarkeringa til Kringkastingsringen i 2005.

Unn Aarrestad er styreleiar og Tormod Strømme er tilsett som dagleg leiar.

## Det Norske Teatret

*www.detnorsketeatret.no*



*Jinny Jessica Jacinto i framsyninga «Trollprinsen» på Det Norske Teatret. Foto: Michel Pilon*

Det Norske Teatret spela i 2004 i alt 900 framsyningar. Av desse var 233 på Hovudscenen, 133 på Scene 2, 39 på Prøvesalen, 3 laurdagsmatinear, 30 gjesteframsyningar i huset, 115 framsyningar på turné/oppsøkjande og 350 andre arrangement. Samla publikumstal var 188794 . Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 105 mill. kroner.

Magnus Rindal er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Nina Lorentzen er direktør.

## Noregs Ungdomslag

*www.ungdomslag.no*

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og arbeider for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samarbeid mellom ungdomen.

Organisasjonen er ein av dei mest allsidige kulturorganisasjonane i landet og har i overkant av 16 000 medlemmer i over 450 lokallag og 27 fylkeslag. NU er mellom anna den største folkedansorganisasjonen med 350 grupper, den største amatørteaterorganisasjonen med 150 grupper, og den største organisasjonen for kulturhus med 350 registrerte hus. Sjølv om mye av aktiviteten i lokallaga er knytt til dei fire grunnsteinane dans, teater, bunads- og samfunnsarbeid, har ungdomslagsrørsla eit unikt mangfald i aktivitetar. I ungdomslaga har lokalsamfunna ein stad der ulike generasjonar møtest og saman tek vare på norsk kulturarv. I heile landet sit ungdomslag med store kulturhistoriske verdiar.

Noregs Ungdomslag held til i same bygarden som Noregs Mållag og har ein del praktisk samarbeid med Mållaget. Ti lokallag er med både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Noregs Ungdomslag arrangerte mellom anna Folkekulturfestivalen på Beitostølen i 2004, i 2005 skal Folkekulturfestivalen vere i Kirkenes 21.-24. juli. (www.folkekultur festivalen.no) og, saman med Det Norske Teatret, Norsk Amatørteaterfestival i Oslo (www.teaterfestival.no).

Leiar er Åge Avedal, generalsekretær er Marit Jacobsen.

# Stiftinga Nynorsk pressekontor

*www.npk.no*

Stiftinga Nynorsk Pressekontor, i daglegtale Nynorsk Pressekontor (NPK), leverer stoff og bilete til aviser og andre media. Kontoret har fem tilsette, og har vore i drift sidan 1969.

I 2004 hadde NPK i underkant av 40 kundar og produserte rundt 5 300 saker. I gjennomsnitt blir kvar sak brukt i vel fire aviser, slik at kontoret altså hadde om lag 22 000 nynorsksaker på trykk i fjor. Bruken av større saker med bilete har auka kraftig dei siste åra. NPK distribuerer stoffet sitt både via websidene, www.npk.no, og gjennom ei epostløysing til kundeavisene.

Rekneskapen vart gjort opp med eit overskot på om lag 200 000 kroner. Styreleiar i Stiftinga er Hallvard Julseth, redaktør og dagleg leiar Arne Sigurd Haugen.

Nynorsk Pressekontor held til i Oslo, i sjette etasje i Pilestredet 8, saman med blant andre *Dag og Tid*, Norsk Barneblad og Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

# Nynorsk kultursentrum

*www.aasentunet.no*

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Måla våre er:

- Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
- Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
- Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet i Ørsta - nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet
- Dei Nynorske Festspela - ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta
- Nettstaden www.aasentunet.no - den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur

Styreleiar i 2004 var underdirektør Kari Bjørke, direktør var Ottar Grepstad. Ved utgangen av 2004 hadde Nynorsk kultursentrum 10 fast tilsette medarbeidarar. Vi hadde i 2004 arbeidsavtale med 30 heil- eller deltidstilsette.

2004 blei det viktigaste året til no for Nynorsk kultursentrum som ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Vi var aktive i heile 21 kommunar, la grunnlaget for eit målretta arbeid for meir nynorsk på Internett, arbeidde for akseptable fleirtalsløysingar i den viktige debatten om nynorsk i skulen, og med det oppsøkjande kulturprogrammet «Det undrande språket» fekk vi på to veker over 600 nynorskelevar og lærarar i tale om språkleg sjølvtillit. 2004 var også året då den første nettbanken med komplett nynorskløysing kom i drift. Særleg gledeleg var det at Stortinget vedtok å opprette Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i nær tilnyting til Ivar Aasen-instituttet i Volda. Om lag 15 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Også dette året var Nynorsk leksikon på Internett det viktigaste av dette. Musikkgruppa Side Brok fekk prisen Årets nynorskbrukar 2004.

Omsetninga auka med 3 prosent til 10,0 mill. kr i 2004, og drifta gav eit overskot på 110 843 kr mot eit underskot på 344 000 kr i 2003. Resultatforbetringa på over 450 000 kr kom etter eit målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette. 18 800 personar gjesta tilboda våre i 2004. Barn og unge utgjorde 21 prosent av dei 18 800 gjestene våre.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet om lag 33 000 einingar. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet vel 3200 artiklar om meir enn 600 personar, institusjonar og organisasjonar, mot 1700 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2005 var 1900 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 900 tekstar.

I 2004 laga vi to nye temautstillingar, fire nye forfattarpresentasjonar og hadde om lag 90 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Eldre og nyare temautstillingar blei dette året viste som vandreutstillingar på 19 stader i landet.

Frå opninga sommaren 2000 fram til utgangen av 2004 har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 33 000. Til saman har vi avvikla over 750 arrangement med meir enn 3200 utøvarar og presentert 14 nye, eigenutvikla temautstillingar. Nynorsk kultursentrum har i dette tidsrommet hatt 94 000 vanlege gjester og 439 000 gjester på nettstaden. Sidan opninga i 2000 har altså over 530 000 personar nytta tilboda våre.

Kvart tredje arrangement i 2004 var utanfor Ivar Aasentunet, og Nynorsk kultursentrum satsar no meir på vandreutstillingar og tilbod andre stader i landet. På dei fem første driftsåra har Nynorsk kultursentrum vore til stades i heile 45 kommunar i 15 fylke.

I 2005 reknar vi med å leggje grunnlaget for viktige endringar. At Nynorsk kultursentrum kan vere til nytte for publikum i inn- og utland, har meir å seie for nynorskbrukarane enn talet på gjester ved arrangement og utstillingar. Difor kjem Nynorsk kultursentrum no til å satse endå meir på Internett.

# Nynorsk skulemål 1930-2004

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 1930 | 19,50 % | 1959 | 23,30 % | 1983 | 16,60 % |
| 1935 | 19,90 % | 1960 | 22,70 % | 1984 | 16,70 % |
| 1938 | 22,00 % | 1962 | 21,50 % | 1985 | 16,70 % |
| 1939 | 29,50 % | 1963 | 21,10 % | 1986 | 16,80 % |
| 1940 | 31,50 % | 1964 | 20,50 % | 1987 | 16,80 % |
| 1941 | 31,90 % | 1965 | 20,40 % | 1988 | 16,90 % |
| 1942 | 33,20 % | 1966 | 19,40 % | 1989 | 16,90 % |
| 1943 | 33,60 % | 1967 | 19,20 % | 1990 | 17,00 % |
| 1944 | 34,10 % | 1968 | 19,10 % | 1991 | 16,90 % |
| 1945 | 33,20 % | 1969 | 18,40 % | 1992 | * |
| 1946 | 31,90 % | 1970 | 17,90 % | 1993 | * |
| 1947 | 31,10 % | 1971 | 17,50 % | 1994 | * |
| 1948 | 30,80 % | 1972 | 17,30 % | 1995 | 16,60 % |
| 1949 | 30,50 % | 1973 | 17,10 % | 1996 | 16,10 % |
| 1950 | 29,70 % | 1974 | 16,80 % | 1997 | 16,10 % |
| 1951 | 29,00 % | 1975 | 16,70 % | 1998 | 15,60 % |
| 1952 | 28,20 % | 1976 | 16,50 % | 1999 | 15,30 % |
| 1953 | 27,30 % | 1977 | 16,40 % | 2000 | 15,00 % |
| 1954 | 26,20 % | 1978 | 16,40 % | 2001 | 14,90 % |
| 1955 | 25,30 % | 1979 | 16,40 % | 2002 | 14,70 % |
| 1956 | 24,30 % | 1980 | 16,40 % | 2003 | 14,50 % |
| 1957 | 23,90 % | 1981 | 16,50 % | 2004 | 14,25 % |
| 1958 | 23,50 % | 1982 | 16,60 % | | |

* Merknad: For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikkje føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over



# Skulemålet i alle fylka 1999-2004

| | 1998 Elevar | Nynorsk | 1999 Elevar | Nynorsk | 1998 Elevar | Nynorsk | 2002 Elevar | Nynorsk | 2003 Elevar | Nynorsk | 2004 Elevar | Nynorsk |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 29 744 | 0,0 % | 34 676 | 0,0 % | 32 173 | 0,0 % | 33 164 | 0,0 % | 33 748 | 0,0 % | 34 213 | 0,0 % |
| Akershus | 62 486 | 0,0 % | 64 239 | 0,0 % | 68 098 | 0,0 % | 69 990 | 0,0 % | 71 250 | 0,0 % | 71 948 | 0,0 % |
| Oslo | 48 052 | 0,1 % | 49 456 | 0,2 % | 50 932 | 0,1 % | 51 443 | 0,1 % | 51 587 | 0,1 % | 52 259 | 0,1 % |
| Hedmark | 22 484 | 0,0 % | 22 874 | 0,0 % | 23 548 | 0,0 % | 23 975 | 0,0 % | 24 184 | 0,0 % | 24 028 | 0,0 % |
| Oppland | 21 750 | 23,3 % | 22 024 | 23,0 % | 22 798 | 22,6 % | 23 270 | 22,0 % | 23 598 | 21,8 % | 23 522 | 21,3 % |
| Buskerud | 29 135 | 4,5 % | 29 744 | 4,5 % | 30 974 | 4,3 % | 31 581 | 4,1 % | 31 883 | 3,9 % | 31 914 | 3,9 % |
| Vestfold | 27 320 | 0,0 % | 27 876 | 0,0 % | 29 152 | 0,0 % | 29 717 | 0,0 % | 30 126 | 0,0 % | 30 076 | 0,0 % |
| Telemark | 20 822 | 18,2 % | 20 986 | 17,6 % | 21 664 | 16,0 % | 22 095 | 15,7 % | 22 038 | 15,5 % | 21 768 | 15,3 % |
| Aust-Agder | 13 663 | 8,0 % | 13 860 | 7,8 % | 14 198 | 6,7 % | 14 318 | 6,8 % | 14 472 | 6,7 % | 14 484 | 6,8 % |
| Vest-Agder | 21 800 | 4,4 % | 22 082 | 4,4 % | 23 011 | 3,9 % | 23 553 | 3,9 % | 23 760 | 3,7 % | 23 546 | 3,8 % |
| Rogaland | 53 200 | 29,4 % | 54 169 | 28,8 % | 56 516 | 28,8 % | 57 479 | 28,2 % | 58 183 | 27,7 % | 58 484 | 26,9 % |
| Hordaland | 58 151 | 46,8 % | 59 125 | 45,8 % | 61 104 | 44,2 % | 62 112 | 44,0 % | 62 734 | 43,4 % | 62 733 | 42,5 % |
| Sogn og Fjorda. | 14 907 | 97,0 % | 15 020 | 96,5 % | 15 336 | 96,3 % | 15 597 | 96,2 % | 15 628 | 96,4 % | 15 561 | 96,7 % |
| Møre og Roms. | 32 830 | 56,2 % | 33 111 | 55,5 % | 33 530 | 55,6 % | 34 028 | 55,4 % | 34 271 | 55,1 % | 34 031 | 55,0 % |
| Sør-Trøndelag | 33 325 | 0,3 % | 34 184 | 0,3 % | 35 788 | 0,2 % | 36 457 | 0,1 % | 36 827 | 0,2 % | 36 894 | 0,2 % |
| Nord-Trøndelag | 17 285 | 2,7 % | 17 560 | 2,5 % | 18 033 | 2,6 % | 18 318 | 1,5 % | 18 527 | 1,3 % | 18 489 | 1,0 % |
| Nordland | 31 705 | 0,4 % | 32 162 | 0,3 % | 33 018 | 0,2 % | 33 381 | 0,2 % | 33 797 | 0,1 % | 33 218 | 0,1 % |
| Troms | 19 177 | 0,8 % | 19 879 | 0,8 % | 21 219 | 0,6 % | 21 525 | 0,5 % | 21 417 | 0,4 % | 21 315 | 0,3 % |
| Finnmark | 9 128 | 0,0 % | 9 176 | 0,0 % | 9 474 | 0,0 % | 9 498 | 0,0 % | 9 635 | 0,0 % | 9 605 | 0,0 % |
| **Landet** | 567 264 | 15,7 % | 582 203 | 15,2 % | 600 559 | 14,9 % | 611 501 | 14,7 % | 617 665 | 14,5 % | 618 088 | 14,2 % |
| **Endring bokmålselevar frå førre år** | | | 15 206 | 3,2 % | 9 304 | 1,9 % | 10 489 | 2,1 % | 6 413 | 1,2 % | 1 843 | 0,3 % |
| **Endring nynorskelevar frå førre år** | | | -267 | -0,3 % | 653 | 0,7 % | 453 | 0,5 % | -249 | -0,3 % | -1 420 | -1,6 % |

Tabellen viser samla elevtal (både nynorsk- og bokmålselevar) og kor stor prosentdel av desse som har nynorsk som hovudmål i kvart fylke.
Under tabellen ser du endringa i talet på bokmåls- og nynorskelevar. Sjølv om talet på nynorskelevar aukar, går nynorskprosenten ned fordi det blir fødd fleire bokmålselevar.

# Nynorske parallellklassar

Bokmålsskular med nynorskklassar 1999-2005.

Oversynet er oppdatert t.o.m. 15. februar 2005.

| **Kommune** | **1999-00** | **2000-01** | **2001-02** | **2002-03** | **2003-04** | **2004-05** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Oslo | 6 | 5 | 5 | 4 | 4 | 3 |
| Nord-Aurdal | 2 | 2 | 2 | 10 | 12 | 10 |
| Rollag | | | | | | 1 |
| Nome | 1 | 1 | 1 | 1 | | 2 |
| Vegårshei | 1 | 1 | 1 | 1 | | |
| Lund | | | | | | 4 |
| Eigersund | 1 | | | | | |
| Sola | 3 | 12 | 12 | 8 | 9 | 8 |
| Sandnes | 28 | 31 | 31 | 31 | 31 | 29 |
| Stavanger | 28 | 25 | 25 | 25 | 25 | 21 |
| Gjesdal | 4 | 5 | 5 | 5 | 5 | 6 |
| Randaberg | 11 | 9 | 10 | 8 | 8 | 7 |
| Rennesøy | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 0 |
| Karmøy | 21 | 20 | 16 | 17 | 17 | 22 |
| Haugesund | 7 | 6 | 6 | 6 | 2 | 1 |
| Bergen | 2 | 8 | 9 | 10 | 10 | 15 |
| Flora | 14 | 14 | 14 | 15 | 15 | 15 |
| Vågsøy | 5 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Ålesund | 8 | 10 | 14 | 15 | 15 | 16 |
| Åndalsnes | 5 | 5 | 6 | 6 | 6 | 5 |
| Fræna | 7 | 7 | 7 | 6 | 6 | 7 |
| Nesset | 6 | 6 | 7 | 7 | 7 | 6 |
| Trondheim | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Levanger | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Steinkjer | 5 | 7 | 7 | 5 | 5 | 2 |
| Inderøy | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 |
| Namsos | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Vefsn | 4 | 5 | 5 | 3 | 3 | 2 |
| Skånland | 1 | 1 | 1 | 1 | | 0 |
| Målselv | 8 | 7 | 7 | 5 | 4 | 4 |
| Tromsø | 1 | | | | | |
| Balsfjord | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| **SUM** | **188** | **202** | **205** | **202** | **196** | **197** |

# Skulemålsrøystingar 1990-2005

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hedmark** | | | | | | |
| 270697 | Dalen | Folldal | 300 | 97 | 97 | Bokmål |
| **Oppland** | | | | | | |
| 280493 | Vestringb. | Nord-Aurdal | --- | 79 | 107 | Bokmål |
| 030597 | Nord-Vekkom og Sør-Vekkom | Ringebu | 1280 | 35 | 209 | Bokmål |
| 040401 | Etnedal | Etnedal | 1185 | 212 | 158 | Nynorsk |
| 070604 | Engjom | Gausdal | 656 | 199 | 110 | Nynorsk |
| 241004 | Reinli | Sør-Aurdal | 344 | 144 | 76 | Nynorsk |
| **Buskerud** | | | | | | |
| 280591 | Rollag | Rollag | --- | 189 | 104 | Nynorsk |
| 160697 | Rollag | Rollag | 280 | 175 | 102 | Nynorsk |
| 100500 | Skurdalen ** | Hol | 25 (188) | 11 | 13 | Nynorsk |
| 091002 | Rollag | Rollag | 470 | 112 | 122 | Bokmål |
| 010404 | Skurdalen/Dagali | Hol | 305 | 81 | 85 | Bokmål |
| **Telemark** | | | | | | |
| 040590 | Brødsjø | Drangedal | --- | 81 | 66 | Nynorsk |
| 040590 | Kroken | Drangedal | --- | 138 | 103 | Nynorsk |
| 201095 | Kroken | Drangedal | 850 | 228 | 280 | Bokmål |
| 200697 | Bøen | Tinn | 424 | 85 | 67 | Nynorsk |
| 130400 | Yli ** | Notodden | 125 (763) | 41 | 44 | Nynorsk |
| 130400 | Rygi ** | Notodden | 205 (1064) | 84 | 53 | Nynorsk |
| 150903 | Svenseid | Nome | | 136 | 32 | Nynorsk |
| 150903 | Lunde 1-4 (off.) | Nome | | 172 | 409 | Bokmål |
| 150903 | Lunde 5-7 (off.) | Nome | | 282 | 449 | Bokmål |
| **Aust-Agder** | | | | | | |
